



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 48

(2008–2009)

---

Om verksemda i Avinor AS





# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing og samandrag</b> .....	5	4.1.6	Flysikringstenesta .....	27
1.1	Innleiing .....	5	4.2	Kommentarar frå	
1.2	Samandrag .....	6		Samferdselsdepartementet .....	27
<b>2</b>	<b>Den statlege eigarskapen i Avinor</b> .....	10	<b>5</b>	<b>Avinors planar for 2008–2010</b> .....	28
2.1	Nærare om Avinor .....	10	5.1	Strategiane til Avinor .....	28
2.2	Om styringa av Avinor .....	11	5.1.1	Tryggleik .....	28
<b>3</b>	<b>Viktige rammevilkår for Avinor</b> .....	14	5.1.2	Økonomi .....	29
3.1	Marknadsutvikling og konkurransesituasjon .....	14	5.1.3	Kundar .....	30
3.1.1	Marknadsutvikling .....	14	5.1.4	Samfunn og miljø .....	31
3.1.2	Konkurransesituasjon .....	15	5.1.5	Arbeidsmiljø .....	31
3.2	Samferdselsdepartementet som forvaltar av den statlege eigarskapen .....	15	5.1.6	Flysikringstenesta .....	31
3.2.1	Samfunnspålagde oppgåver .....	15	5.2	Kommentarar frå	
3.2.2	Samfunnsansvar .....	15	5.2.1	Samferdselsdepartementet .....	32
3.2.3	Leiarløner .....	16	5.2.2	Tryggleik .....	32
3.2.4	Tilhøvet til Forsvaret .....	16	5.2.3	Økonomi .....	33
3.2.5	Målbruk .....	17	5.2.4	Kundar .....	34
3.2.6	Produksjon av VFR-kart .....	17	5.2.5	Samfunn og miljø .....	34
3.3	Samferdselsdepartementet som styresmakt for luftfarten .....	17	5.2.6	Arbeidsmiljø .....	34
3.3.1	Regelverk utvikla i Noreg .....	18		Flysikringstenesta .....	34
3.3.2	EU/EØS-regelverk .....	18	<b>6</b>	<b>Finansielle spørsmål</b> .....	36
3.3.3	Takstpolitikk .....	20	6.1	Avkastningsmål .....	36
3.3.4	Løyvepolitikk .....	21	6.2	Verdivurdering .....	36
3.4	Samferdselsdepartementet som tilskotsstyresmakt .....	21	6.3	Finansiell stilling .....	37
3.5	Staten som miljøstyresmakt .....	22	6.4	Utbyttepolitikk .....	38
3.6	Staten som lovgjevar elles .....	23	<b>7</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b> .....	40
<b>4</b>	<b>Verksemda i Avinor 2005–2007</b> ..	24	<b>Vedlegg</b>		
4.1	Rapportering frå Avinor .....	24	1	Vedtekter for Avinor AS .....	41
4.1.1	Tryggleik .....	24	2	Plan for virksomheten 2008–2010 (§ 10 plan) .....	43
4.1.2	Økonomi .....	24	3	Brev frå Avinor til Samferdselsdepartementet av 06.10.2008 .....	84
4.1.3	Kundar .....	25	4	Brev frå Avinor til Samferdselsdepartementet av 15.12.2008 .....	87
4.1.4	Samfunn og miljø .....	26			
4.1.5	Arbeidsmiljø .....	26			





DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 48

(2008–2009)

## Om verksemda i Avinor AS

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 19. juni 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing og samandrag

#### 1.1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg med dette fram ei stortingsmelding om verksemda i Avinor AS for perioden 2008–2010. Avinor AS vart skipa i 2003 ved at Luftfartsverket, som den gongen var ei forvaltningsbedrift, vart omdanna til eit statsaksjeselskap under namnet Avinor AS. Med statsaksjeselskap meiner ein eit selskap der staten eig alle aksjane. Forvaltninga av eigarskapen til selskapet vart lagd til Samferdselsdepartementet, og samferdselsministeren er generalforsamling i selskapet.

Etter det styringsopplegget som vart etablert då Avinor vart skipa, skal Samferdselsdepartementet leggje fram ei stortingsmelding om verksemda i selskapet annakvart år, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002–2003) og Budsjett-innst. S.nr. 13 Tl.01 (2002–2003). Siste gongen ei slik melding vart lagd fram var i 2006, jf. St. meld. nr. 15 (2006–2007) og Inst. S. nr. 142 (2006–2007).

Samferdselsdepartementet forvaltar den statlege eigarskapen til Avinor, er overordna styresmakt for luftfarten og kan òg gjere framlegg om at Stortinget skal løyve midlar til Avinor. Meldingane skal ta utgangspunkt i den rolla departementet

har som forvaltar av den statlege eigarskapen. Førremålet med dei såkalla eigarmeldingane er å orientere Stortinget om utviklinga i selskapet sidan den førre meldinga. Vidare skal meldingane orientere om planane og strategiane til selskapet for dei neste åra, og gjere greie for korleis Samferdselsdepartementet vurderer desse planane og strategiane.

Fram til no har Samferdselsdepartementet lagt fram eigarmeldinga for Avinor annakvart år. Dei overordna strategiane for Avinor har i hovudsak lege fast sidan selskapet vart skipa i 2003, og kjem heller ikkje til å bli endra med denne meldinga. I tida framover tek Samferdselsdepartementet sikte på å leggje fram ei eigarmelding for Avinor kvart fjerde år, dvs. ein gong pr. stortingsperiode. Meldingane vil bli lagde fram oftare dersom det skulle vere behov for det.

Den såkalla § 10-planen frå Avinor for perioden 2008–2010 dannar hovudgrunnlaget for denne meldinga. Avinor sende planen over til Samferdselsdepartementet den 15. august 2008. Den 6. oktober 2008 sende Avinor vidare eit innspel om Avinors engasjement i utviklinga av det felles-europeiske luftrommet. Hausten 2008 utarbeidde dessutan Avinor ein oppdatert finansiell prognose

på bakgrunn av den internasjonale finanskrisa. Prognosen vart send over til Samferdselsdepartementet den 15. desember. § 10-planen og dei to breva følger meldinga som trykte vedlegg.

Meldinga byggjer elles på ei verdivurdering av Avinor som konsulentselskapet Ernst & Young utførde på vegner av Samferdselsdepartementet, og som vart lagd fram den 9. september 2008. Som følgje av verknadene av finanskrisa utarbeidde Ernst & Young dessutan ein tilleggsrapport om rammevilkåra for Avinor og ei oppdatering av verdivurderinga, som vart lagd fram den 4. mars 2009. Dei to rapportane frå Ernst & Young følger meldinga som utrykte vedlegg.

#### *Tiltakspakke for Avinor*

Avinor står overfor store investerings- og finansieringsutfordringar dei neste åra. Den internasjonale finanskrisa har forsterka desse utfordringane. Avinor har varsla at selskapet mellombels vil utsetje utbetringar på fem lufthamner (Bergen/Flesland, Sandane/Anda, Kristiansund/Kvernberget, Røst og Tromsø/Langnes). Konsekvensen av dette kan vere at Luftfartstilsynet gjev pålegg om kompensierende tiltak som kan redusere transportstandarden på desse lufthamnene.

I samband med denne meldinga legg Samferdselsdepartementet fram ei tiltakspakke for Avinor på rundt 900 millionar kroner for 2009. Tiltakspakka har følgjande innhald:

- Regjeringa vil fremje ein proposisjon med framlegg om eit ekstraordinært tilskot til Avinor på 150 millionar kroner i 2009 knytt til gjennomføring av særskilde tryggleikstiltak, jf. St.prp. nr. 91 (2008–2009).
- Det blir ikkje teke ut utbyte frå Avinor i 2009 for rekneskapsåret 2008. Ordinært utbyte i 2009 etter den utbytemodellen som gjeld i dag, ville ha vore 367,7 millionar kroner.
- Avdragsfritak i 2009 for statslånet som finansierte Gardermoen-utbygginga, tilsvarande 388,8 millionar kroner, jf. St.prp. nr. 67 (2008–2009) og Innst. S. nr. 355 (2008–2009).

Tiltakspakka skal medverke til at dei investeringane som Avinor har varsla vil bli utsette, kan gjennomførast.

Samferdselsdepartementet vil sjå til at pakka blir gjennomført i tråd med reglane for statsstøtte i EØS-avtala.

I tillegg vil Samferdselsdepartementet innføre ein ny utbytemodell frå og med 2010 som vil kun-

ne gje om lag 250 millionar kroner mindre i utbyte frå Avinor dei neste fem åra.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at tiltakspakka og den nye utbytepolitikken skal medverke til at Avinor kan gjennomføre naudsynte tryggleiksinvesteringar. Utviklinga i flytrafikken og økonomien i Avinor er likevel usikker, og Samferdselsdepartementet vil følgje situasjonen i Avinor nøye i tida framover.

## 1.2 Samandrag

### *Kapittel 2: Den statlege eigarskapen i Avinor*

Samfunnsoppdraget til Avinor er å eige, drive og utvikle eit landsomfattande nett av lufthamner for den sivile sektoren og ei samla flysikringsteneste for den sivile og den militære sektoren. Avinor skal i størst mogleg grad finansiere verksemda gjennom eigne inntekter frå hovudverksemda og forretningsverksemd i tilknytning til lufthamnene. Internt i selskapet skal det skje ei samfinansiering mellom bedriftsøkonomisk lønsame og ulønsame einingar. Føremålet med den statlege eigarskapen i Avinor er å oppfylle sektorpolitiske mål, og ikkje fyrst og fremst å skape størst mogleg bedriftsøkonomisk overskot i selskapet. Sidan det er sektorpolitiske mål knytte til eigarskapen, blir eigarskapen forvalta av Samferdselsdepartementet.

Dei overordna rammene for Avinor blir fastlagde gjennom eigarmeldingane og Stortinget si behandling av desse meldingane. Eigarmeldingane byggjer på planane som Avinor etter § 10 i vedtektene til selskapet skal leggje fram for samferdselsministeren kvart år. Samferdselsdepartementet har ansvaret for at eigarstyringa av Avinor blir utført i tråd med overordna føringar frå Stortinget gjennom behandlinga av eigarmeldingane.

Som forvaltar av den statlege eigarskapen er samferdselsministeren generalforsamling i Avinor. Dette inneber at samferdselsministeren peikar ut eigarrepresentantane til styret og fastset føremålet og vedtektene for selskapet. På det økonomiske området fastset Samferdselsdepartementet krav til avkastning og utbyte på den kapitalen staten har skote inn i selskapet. For Avinor nyttar staten òg eigarrolla til å definere kva samfunnsplagde oppgåver selskapet skal utføre.

Styret og den daglege leiinga er ansvarlege for den daglege forvaltninga av selskapet. Hovudoppgåva for styret er å medverke med kompetansen sin til at selskapet blir drive på ein best mogleg



måte innanfor dei rammene som blir trekte opp av Samferdselsdepartementet og Stortinget.

I eigaroppfølginga av Avinor i tida framover vil Samferdselsdepartementet vere særleg oppteke av konsekvensane av den internasjonale finanskrisa, investerings- og finansieringsutfordringane i selskapet, kostnadsutviklinga, mangelen på flygeleiarar og kundemerkeemda i selskapet.

### *Kapittel 3: Viktige rammevilkår for Avinor*

Utviklinga i Avinor blir påverka av marknadsutviklinga, konkurransesituasjonen og rammevilkår som blir fastsette av Samferdselsdepartementet og staten elles som eigar og styresmakt.

I perioden 2003–2008 var det ein sterk vekst i talet på passasjerar som reiste via lufthamnene i Avinor. På slutten av 2008 byrja trafikken å gå ned, og denne nedgangen har halde fram i 2009. Avinor ventar at den negative utviklinga vil halde fram dei neste par åra.

Som forvaltar av den statlege eigarskapen definerer Samferdselsdepartementet samfunnsoppdraget til Avinor. I tillegg pålegg eigaren Avinor å utføre ei rekkje samfunnsplagde oppgåver. Dette er oppgåver som selskapet ikkje ville ha utført dersom kommersielle omsyn skulle vere styrande. Regjeringa har vidare som mål at selskap med statleg eigarskap skal vere leiande i arbeidet med samfunnsansvar. Dette er tilhøve som selskapa vil vere tente med å ta seg av på lang sikt, og som selskapa bør ta omsyn til også ut frå kommersielle vurderingar. Avinor skal elles følgje retningslinene for leiarløner i selskap der staten er ein viktig eigar. I Noreg har det vore ein tradisjon for samarbeid mellom Forsvaret og Avinor. Dette er eit samarbeid begge partar har tent på, og som skal halde fram. Som eigar vil Samferdselsdepartementet følgje opp målbruken i Avinor.

Som overordna styresmakt for luftfarten i Noreg fastset Samferdselsdepartementet og Luftfartstilsynet regelverk som har konsekvensar for Avinor. Forskrifta om utforming av store flyplassar vil få mykje å seie for Avinor dei neste åra. På EØS-området vil lovgjevinga om det felleseuropeiske luftrommet ha konsekvensar for flysikkerstena i Avinor i tida framover.

Samferdselsdepartementet opptretr vidare som takststyresmakt overfor Avinor. Selskapet står framfor store investerings- og finansieringsutfordringar dei neste åra. Dette kan tale for at avgiftsnivået bør aukast i tida framover. I samband med at Samferdselsdepartementet skal fastsetje takstregulativet til Avinor for 2010, har departe-

mentet bede Avinor om å utarbeide eitt framlegg der takstnivået følgjer konsumprisindeksen neste år, og eit anna framlegg der ein legg opp til å auke inntektene til Avinor gjennom å auke avgiftene. Samferdselsdepartementet vil kome attende med resultatata av vurderinga si når takstregulativet til Avinor for 2010 blir lagt fram.

Samferdselsdepartementet kan òg gjere framlegg om at Stortinget skal løyve midlar til Avinor. Regjeringa vil fremje ein proposisjon med framlegg om eit ekstraordinært tilskot til Avinor på 150 millionar kroner i 2009 knytt til gjennomføring av særskilde tryggleikstiltak. Saman med dei andre tiltaka i tiltakspakka og den nye utbytepolitikken, skal tilskotet medverke til at Avinor kan gjennomføre naudsynte tryggleiksinvesteringar.

Miljøtiltak frå styresmaktene vil få konsekvensar for Avinor på fleire område. Luftfarten verkar inn på miljøet gjennom støy, bruk av areal og utslipp til luft og grunn. På ei rekkje av desse områda har Stortinget sett nasjonale miljømål. Den største miljøutfordringa innanfor luftfarten er å få på plass internasjonale verkemiddel for å avgrense klimagassutslippa frå den internasjonale luftfarten. Det er elles knytt somme utfordringar til støy frå luftfarten.

### *Kapittel 4: Verksemda i Avinor 2005–2007*

Avinor leverte gode resultat på dei fleste område i perioden. Arbeidet med å halde oppe og vidareutvikle flytryggleiken heldt fram, og selskapet hadde samla sett ei god økonomisk utvikling. Samferdselsdepartementet er nøgd med at det interne samarbeidsklimaet i Avinor vart betra og at det no er ro i selskapet. Departementet stiller seg elles bak dei initiativa Avinor har teke for å medverke i utviklinga av det felleseuropeiske luftrommet.

På den negative sida kjem kapasitetssituasjonen i flysikkerstena og kostnadsutviklinga i konsernet, som framleis gjev grunn til uro. Noko av kostnadsveksten kan forklarast med reglar som styresmaktene har innført. Avinor har likevel eit sjølvstendig ansvar for å gjennomføre tiltaka på ein mest mogleg effektiv måte.

### *Kapittel 5: Avinors planar for 2008–2010*

Avinor er i ferd med å utvide tryggleiksområda rundt rullebanene i tråd med forskrifta om utforming av store flyplassar. Dette vil gje høgare tryggleik på alle lufthamnene i Avinor. I Soria Moria-erklæringa er det vidare slått fast at betre innflygingsutstyr skal sikre best mogleg tryggleik og

regularitet på kortbaneflyplassane. For Samferdselsdepartementet er det viktig at begge desse prosjekta blir gjennomførde som planlagt.

Avinor står overfor store investeringar dei neste åra og har utfordringar med å finansiere investeringane. Konsekvensane av den internasjonale finanskrisa for passasjeretalet og inntektene i Avinor har forsterka denne utfordringa. Avinor står difor overfor krevjande investeringsavgjerder i tida framover, der selskapet må balansere omsynet til å gjere bedriftsøkonomisk lønsame investeringar som medverkar til å sikre ei berekraftig økonomisk utvikling i selskapet på lang sikt, mot bedriftsøkonomisk ulønsame investeringar i tryggleikstiltak som er viktige for å halde ved lag dagens transportstandard.

Våren 2009 varsla Avinor at selskapet ville utsetje investeringar i tryggleiksområde på fem lufthamner. Samferdselsdepartementet legg til grunn at tiltakspakka og den nye utbytepolitikken, som blir presentert i denne meldinga, skal medverke til at Avinor kan gjennomføre naudsynte tryggleiksinvesteringar. Utviklinga i flytrafikken og økonomien i Avinor er likevel usikker, og Samferdselsdepartementet vil følgje situasjonen i Avinor nøye i tida framover.

Regjeringa er oppteken av at alle skal ha lik rett til deltaking i samfunnet. Styresmaktene vil sjå til at Avinor og dei andre lufthamneigarane i Noreg følgjer opp krava i den nye diskriminerings- og tilkomstlova, og likeins forsikre seg om at lufthamnene oppfyller krava i minstestandarden for assistenttenester til flypassasjerar med redusert funksjonsevne. Som styresmakt for luftfarten har Samferdselsdepartementet sett i gang ein prosess i samråd med Barne- og likestillingsdepartementet for å vurdere om sektorlovgevinga på luftfartsområdet kjem måla i diskriminerings- og tilkomstlova i møte. I dette arbeidet vil også organisasjonane som representerer personar med redusert funksjonsevne bli inviterte, og alle partar i saka vil bli høyrde.

Spørsmålet om rettane til personar med redusert funksjonsevne er også noko Samferdselsdepartementet vil følgje opp som forvaltar av den statlege eigarskapen til Avinor. Departementet vil i denne samanhengen peike på at det er viktig at organisasjonane som representerer personar med redusert funksjonsevne, blir trekte inn i planprosessane på eit tidleg tidspunkt ved nybygg og ombyggingar, slik at dei løysingane som blir valde, i størst mogleg grad kan ta omsyn til behova til flest mogleg av dei reisande.

Avinor deltek i ulike tiltak som skal medverke til at veksten i klimagassutsleppa frå luftfarten kan bremsast. Avinor har også ambisjonar om å medverke til å auke kollektivdelen i transporten til og frå lufthamnene. Samferdselsdepartementet er oppteke av at Avinor prioriterer dette arbeidet. Samferdselsdepartementet er vidare oppteke av at Avinor held fram med det arbeidet selskapet tek del i for å vidareutvikle reiselivet i Noreg. Reiselivet er ei viktig næring for Noreg, særleg for distrikta, og ei styrking av denne næringa vil medverke både til regional utvikling og til å gje inntekter til landet. Som ein lekk i oppfølginga av nordområdestrategien til Regjeringa er Avinor i ferd med å vurdere om det er mogleg å betre innflygingstilhøva til Kirkenes lufthamn, Høybuktmoen. Regjeringa vil kome attende til saka når det ligg føre eit tilstrekkeleg grunnlag for å ta ei avgjerd.

Innanfor flysikringstenesta vil det framleis vere mangel på flygeleiarar i fleire år framover. Samferdselsdepartementet vil, både som eigar av Avinor og som styresmakt for luftfarten, gje spørsmåla om kapasitet og kostnader i flysikringstenesta høg prioritet. Samferdselsdepartementet stiller seg bak dei initiativa Avinor har teke for å medverke i utviklinga av det felleseuropeiske luftrommet. For departementet er det vidare viktig at Avinor held fram arbeidet med å flytte undervegskontrollen for Aust-Noreg frå Røyken til Stavanger.

#### *Kapittel 6: Avkastning, verdivurdering, finansiell stilling og utbyte*

Avinor har ikkje nådd avkastningsmålet fram til no, og Samferdselsdepartementet vil vurdere nærare om det er riktig at staten skal krevje same avkastning frå dei regionale lufthamnene som frå resten av lufthamnene i Avinor.

Ei uavhengig verdivurdering frå september 2008 viser at marknadsverdien av eigenkapitalen i Avinor hadde gått svakt ned sidan den førre verdivurderinga frå 2005. I samband med utarbeidinga av årsrekneskapen for 2008 har Avinor kome fram til at det ikkje er grunnlag for å skrive ned eigenkapitalen i selskapet.

Med unntak av Gardermoen-utbygginga, som vart finansiert gjennom eit lån frå staten, har Luftfartsverket og seinare Avinor tradisjonelt finansiert investeringane sine utan låneopptak. For å skaffe finansiering til investeringane som selskapet står overfor dei neste åra, har Avinor teke til å låne pengar i den private marknaden.



Tiltakspakka og den nye utbytepolitikken vil til saman medverke til at Avinor kan investere meir utan å ta opp meir lån og utan at eigenkapitalprosenten blir svekt. Utviklinga i Avinor er likevel usikker, og Samferdselsdepartementet vil følge den finansielle stillinga for Avinor nøye i tida framover.

I den nye utbytemodellen som blir presentert i denne meldinga, skal forventa utbytte fastsetjast for ein lengre periode, typisk tre til fem år, og utgjere ein prosentsats av årsresultatet i konsernet etter skatt. For Avinor legg Samferdselsdepartementet til grunn ei forventning om 50 prosent utbytte dei neste tre til fem åra. Utbyttet skal fastsetjast kvart einskilt år. Det skal takast omsyn til dei spesielle utfordringane Avinor står overfor når utbyttet skal fastsetjast dei næraste åra.

Den nye utbytemodellen gjeld frå og med 2010. Ordinært utbytte i 2009 for rekneskapsåret 2008 etter den utbytemodellen som gjeld i dag, ville ha vore 367,7 millionar kroner. Som ein del av tiltakspakka overfor Avinor vil det ikkje bli teke ut utbytte frå selskapet i 2009 for rekneskapsåret 2008.

#### *Kapittel 7: Økonomiske og administrative konsekvensar*

Regjeringa vil fremje ein proposisjon med framlegg om eit ekstraordinært tilskot til Avinor på 150 millionar kroner i 2009 knytt til gjennomføring av særskilde tryggleikstiltak. Det blir vidare ikkje teke ut utbytte frå Avinor i 2009 for rekneskapsåret 2008. Ordinært utbytte i 2009 for rekneskapsåret 2008 etter den utbytemodellen som gjeld i dag, ville ha vore 367,7 millionar kroner. I samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2009

ligg det dessutan inne avdragsfritak for 2009 tilsvarende 388,8 millionar kroner på statslånet som finansierte Gardermoen-utbygginga.

Tiltakspakka skal medverke til at dei investeringane som Avinor har varsla vil bli utsette, kan gjennomførast.

Samferdselsdepartementet vil sjå til at tiltaka blir gjennomførde i tråd med reglane for statsstøtte i EØS-avtala.

Samferdselsdepartementet vil innføre ein ny utbytemodell for Avinor frå og med 2010. Innanfor denne modellen legg departementet til grunn ei forventning om at utbyttet frå Avinor skal utgjere 50 prosent av overskotet etter skatt dei neste tre til fem åra. Samanlikna med dagens utbytemodell fører dette til at utbyttet blir redusert med om lag 250 millionar kroner i femårsperioden 2010–2014.

Samferdselsdepartementet opptrer som takststyresmakt overfor Avinor. Selskapet står framfor store investerings- og finansieringsutfordringar dei neste åra. Dette kan tale for at avgiftsnivået bør aukast i tida framover. I samband med at Samferdselsdepartementet skal fastsetje takstregulativet til Avinor for 2010, har departementet bede Avinor om å utarbeide eitt framlegg der takstnivået følgjer konsumprisindeksen neste år, og eit anna framlegg der ein legg opp til å auke inntektene til Avinor gjennom å auke avgiftene. Samferdselsdepartementet vil kome attende med resultata av vurderinga si når takstregulativet til Avinor for 2010 blir lagt fram.

Utviklinga i flytrafikken og økonomien i Avinor er usikker, og Samferdselsdepartementet vil følge situasjonen i Avinor nøye i tida framover.

Elles ligg det ikkje andre framlegg i meldinga som vil få økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 2 Den statlege eigarskapen i Avinor

### 2.1 Nærare om Avinor

#### *Føremålet med den statlege eigarskapen*

Det overordna målet for transportpolitikken til Regjeringa er å tilby eit effektivt, sikkert og miljøvenleg transportsystem med god tilkomst for alle. Transportsystemet skal dekkje samfunnet sitt behov for transport og fremje regional utvikling, jf. stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan 2010–2019 (St.meld. nr 16 (2008–2009) og Innst. S. nr. 300 (2008–2009)).

Eit landsomfattande luftfartstilbod er viktig for å oppnå regional utvikling og for å halde oppe busetjing og sysselsetjing i alle delar av landet. Samfunnsoppdraget til Avinor er å eige, drive og utvikle eit landsomfattande nett av lufthamner for den sivile sektoren og ei samla flysikringsteneste for den sivile og den militære sektoren.

Stortinget og Regjeringa avgjer kva lufthamner Avinor skal drive. For ein gjennomgang av ulike spørsmål rundt lufthamnstrukturen blir det vist til Nasjonal transportplan 2010–2019.

I den førre eigarmeldinga vart det presisert at Avinor ikkje mellombels kan stengje eller redusere opningstidene vesentleg på ei lufthamn utan å ta dette opp med Samferdselsdepartementet, jf. St.meld. nr. 15 (2006–2007) og Innst. S. nr. 142 (2006–2007). Samferdselsdepartementet vil i denne meldinga også presisere at Avinor heller ikkje kan gjere vedtak som kan føre til at transportstandarden blir vesentleg redusert på andre måtar på ei lufthamn, utan å ta dette opp med Samferdselsdepartementet.

Avinor skal i størst mogleg grad finansiere verksemda gjennom eigne inntekter frå hovudverksemda og forretningsverksemd i tilknytning til lufthamnene. Internt i selskapet skal det skje ei samfinansiering mellom bedriftsøkonomisk lønsame og ulønsame einingar.

Føremålet med den statlege eigarskapen i Avinor er å oppfylle sektorpolitiske mål, og ikkje fyrst og fremst å skape størst mogleg bedriftsøkonomisk overskot i selskapet. Sidan det er sektorpolitiske mål knytte til eigarskapen, blir eigarskapen forvalta av Samferdselsdepartementet.

#### *Tilknytingsform til staten og intern organisering*

Mellom anna for å gje Avinor fridom i forretningsdrifta har staten valt å organisere Avinor som eit statsaksjeselskap.


I Soria Moria-erklæringa (sjå nedanfor) tok Regjeringa til orde for å evaluere organiseringa av Avinor. Evalueringa vart gjennomført i 2006. I evalueringa gjekk Samferdselsdepartementet inn for at Avinor skulle halde fram som eit statsaksjeselskap under Samferdselsdepartementet, og at selskapet framleis skulle ha ansvaret både for lufthamner og flysikringstenester. Resultata av evalueringa vart presenterte i den førre eigarmeldinga, jf. St.meld. nr. 15 (2006–2007). Stortinget slutta seg til konklusjonane frå Samferdselsdepartementet, jf. Innst. S. nr. 142 (2006–2007).

Konkret har Avinor ansvaret for 46 statlege lufthamner. 12 av lufthamnene blir drivne i samarbeid med Forsvaret. Avinor har vidare ansvaret for 48 kontrolltårn og tre kontrollsentralar. I tillegg til kontrolltårna på sine eigne lufthamner har Avinor ansvaret for tårntenesta på Sandefjord lufthamn, Torp, og på dei militære lufthamnene Rygge og Ørland. På Rygge og Ørland er det òg ein sivil del, der andre operatørar enn Avinor står for lufthamndrifta.

Morselskapet Avinor AS er delt inn i divisjonar for store, mellomstore og regionale lufthamner og ein eigen flysikringsdivisjon. Oslo lufthamn, Gardermoen, er skild ut i eit eige dotterselskap, Oslo Lufthavn AS. Figur 2.1 gjev ei oversikt over dei ulike einingane i Avinor.

Konsernet Avinor omfattar elles dei fem dotterselskapa Oslo Lufthavn Eiendom AS, Avinor Parkeringsanlegg AS, Flesland Eiendom AS, Værnes Eiendom AS og Sola Hotell Eiendom AS. Dette er eignedomsselskap som driv med utleige av hotell, parkeringshus og eit kontorbygg. Hotella er leigde ut til private drivarar, medan parkeringshusa er leigde ut til Avinor sjølv. Kontorbygget, som ligg på Gardermoen, blir delvis nytta av Avinor sjølv, og delvis leigt ut til eksterne leietakarar.

Når ikkje anna er sagt, blir det med *Avinor* i denne meldinga meint heile konsernet.



Figur 2.1 Lufthamner, tårn og kontrollsentralar i Avinor

## 2.2 Om styringa av Avinor

### Den statlege eigarstyringa

Dei overordna rammene for Avinor blir fastlagde gjennom eigarmeldingane og Stortinget si behandling av desse meldingane. Eigarmeldingane byggjer på planane som Avinor etter § 10 i vedtek-

tene til selskapet skal leggje fram for samferdselsministeren kvart år.

§ 10-planane skal omfatte heile verksemda, medrekna dotterselskap, og skal gje ei oversikt over:

- Hovudverksemda i konsernet dei neste åra, medrekna større omorganiseringar, vidareutvikling av verksemdar som selskapet driv i dag, og utvikling av nye verksemdar.

- Den økonomiske utviklinga i konsernet, medrekna utviklinga i luftfartsavgiftene.
- Investeringsnivået i konsernet, medrekna tilpassing av infrastrukturen til det statlege kjøpet av flyrutetenester.

Samferdselsdepartementet har ansvaret for at eigarstyringa av Avinor blir utført i tråd med overordna føringar frå Stortinget gjennom behandlinga av eigarmeldingane.

I eigarstyringa tek Samferdselsdepartementet vidare utgangspunkt i dei overordna måla for transportpolitikken til Regjeringa, strategien for norsk luftfart – som Regjeringa la fram våren 2008 – og den politiske plattformen for Regjeringa (Soria Moria-erklæringa). I Soria Moria-erklæringa har Regjeringa lagt følgjande mål for luftfarten:

- Både kortbanenettet og stamlufthamnene er ein viktig del av infrastrukturen i landet. Det skal sikrast eit flyplassnett som gjev eit tidhøveleg flytilbod i heile landet. Ordninga med at overskotsflyplassar betaler for dei ulønsame flyplassane skal vidareførast.
- Dagens lufthamnstruktur skal haldast oppe, så sant det ikkje er eit uttrykt ynske lokalt om å leggje ned ein flyplass. Dette må i tilfelle skje etter ein grundig prosess, der alle som saka gjeld, har vorte høyrde.
- Best mogleg tryggleik og regularitet på kortbaneflyplassane skal sikrast gjennom betre innflygingsutstyr på flyplassane.
- I samarbeid med leiinga og dei tilsette skal organiseringa av Avinor evaluerast, med sikte på å ta best mogleg vare på samfunnsomsyn, særleg flytryggleik.
- I eigarstyringa tek Samferdselsdepartementet elles utgangspunkt i prinsippa for god eigarstyring og selskapsleiing, slik dei er nedfelte i St.meld. nr. 13 (2006–2007) *Et aktivt og langsiktig eierskap* og Innst. S. nr. 163 (2006–2007).

Som forvaltar av den statlege eigarskapen er samferdselsministeren generalforsamling i Avinor. Dette inneber at samferdselsministeren peikar ut eigarrepresentantane til styret og fastset føremålet og vedtektene for selskapet. Etter § 10 i vedtektene skal styret leggje saker som har mykje å seie for samfunnet, eller som treng ei prinsipiell avklaring, fram for samferdselsministeren. Dette sikrar at samferdselsministeren blir kjend med sakene og får høve til å gripe inn, dersom ho eller han finn det naudsynt. Dersom samferdselsministeren ynskjer å gje pålegg til styret, skal dette skje gjennom vedtak i ei generalforsamling.

Samferdselsdepartementet har sett i gang ein prosess der departementet mellom anna gjennomgå vedtektene for selskapa «sine». Føremålet med gjennomgangen er å oppdatere og harmonisere vedtektene mellom dei ulike selskapa under Samferdselsdepartementet.

På det økonomiske området fastset Samferdselsdepartementet krav til avkastning og utbytte på den kapitalen staten har skote inn i selskapet. Samferdselsdepartementet kan vidare gjere framlegg for Stortinget om at staten skal skyte inn ny eigenkapital i selskapet. For Avinor nyttar staten òg eigarrolla til å definere kva samfunnsplagde oppgåver selskapet skal utføre.

#### *Andre statlege verkemiddel overfor Avinor*

Samferdselsdepartementet forvaltar den statlege eigarskapen til Avinor, er overordna styresmakt for luftfarten og kan òg gjere framlegg om at Stortinget skal løyve midlar til Avinor.

Dei ulike rollene Samferdselsdepartementet har overfor Avinor, gjev departementet høve til å føre ein heilskapleg politikk overfor selskapet, og til å sjå politikken overfor Avinor i samheng med ein heilskapleg luftfarts- og samferdselspolitikk. Samstundes er Samferdselsdepartementet medvite om ikkje å blande dei ulike rollene overfor Avinor på ein uheldig måte.

#### *Rolla til styret*

Styret og den daglege leiinga er ansvarlege for den daglege forvaltninga av selskapet. Ved at Avinor er organisert som eit aksjeselskap, er det lagt opp til at selskapet skal ha fridom på forretningsområdet.

Hovudoppgåva for styret er å medverke med kompetansen sin til at selskapet blir drive på ein best mogleg måte innanfor dei rammene som blir trekte opp av Samferdselsdepartementet og Stortinget. Styret er vidare ansvarleg for å tilsetje dagleg leiar og har ein kontrollfunksjon overfor leiinga i selskapet på vegner av eigaren. I tråd med eigarstyringsprinsippa for staten bør styret ha ein plan for arbeidet sitt. Styret bør vidare syte for å utvikle kompetansen sin og bør òg evaluere sitt eige arbeid.

Samferdselsdepartementet legg vekt på at eigarrepresentantane i styret til Avinor skal ha kunnskap om sektoren og bedriftsøkonomi og røynsle frå leiing av store konsern. For departementet er det vidare viktig at representantane ikkje har så mange stillingar og verv at det svek-

kjer kapasiteten deira til å greie styrevervet i Avinor på ein god måte. Departementet tek òg omsyn til at medlemene i styret bør ha ein variert bakgrunn både når det gjeld kjønn, alder og geografisk, kulturell og sosial bakgrunn.

#### *Risikoområde for eigaren*

Hovudføremålet med den statlege eigarskapen til Avinor er å oppfylle sektorpolitiske mål innanfor ei ramme av samfinansiering og størst mogleg grad av eigenfinansiering. I arbeidet med denne meldinga har Samferdselsdepartementet identifisert ein del utfordringar som gjev risiko for at Avinor ikkje oppnår desse måla.

Risikofaktorar på det økonomiske området er:

- Store investerings- og finansieringsutfordringar

- Uvisse om utviklinga i talet på flypassasjerar og inntekter
- Høg kostnadsvekst

Andre risikoområde er:

- Mangel på flygeleiarar gjev risiko for at Avinor ikkje kan tilby dei flysikringstenestene brukarane spør etter.
- Avinor er stort sett einetilbydar eller monopolist. Dette gjev ein risiko for at selskapet ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til ynska og behova til kundane og ikkje driv effektivt nok.

Dette er område som Samferdselsdepartementet vil leggje særskild vekt på i eigaroppfølginga av Avinor dei neste åra.



### 3 Viktige rammevilkår for Avinor

I dette kapitlet blir det gjort greie for marknadsutviklinga, konkurransesituasjonen og rammevilkår som blir fastsette av Samferdselsdepartementet og staten elles som eigar og styresmakt. Alt dette er tilhøve som er med på å leggje rammene for verksemda i Avinor. Dei sentrale økonomiske verkemidla for eigaren, avkastningsmål og utbytte, blir omtala særskilt i kapittel 6.


#### 3.1 Marknadsutvikling og konkurransesituasjon

##### 3.1.1 Marknadsutvikling

I 2008 var det totalt 40 millionar passasjerar som reiste til og frå lufthamnene i Avinor. Av dette var 25 millionar innanlandspassasjerar og 14 millionar utanlandspassasjerar. Dette tilsvara rundt 13 millionar flyreiser innanlands og rundt 14 millionar reiser til og frå utlandet.

Generelt heng utviklinga i flytrafikken saman med den økonomiske utviklinga i samfunnet og tilhøva i marknaden for flyreiser.

Figur 3.1 viser utviklinga i talet på passasjerar komne og reiste via lufthamnene i Avinor i perioden 1990–2008. Figuren viser vidare Avinors prognosar for åra 2009–2013.



Figur 3.1 Passasjerar komne og reiste via lufthamnene i Avinor. Mill. passasjerar 1990–2008. Prognosar 2009–2013

Kjelde: Avinor

##### Perioden 1990–2008

Heile perioden er kjenneteikna av ein underliggjande veksttrend. I gjennomsnitt voks passasjeretalet med 4,4 prosent i året. Innanfor dette gjennomsnittstalet er det likevel store variasjonar. På byrjinga av 1990-talet gav Golfkrigen ein nedgang i trafikken. Økonomisk nedgang, konkursen i Color Air og hendingane 11. september 2001 medverka til nedgangen i perioden 2000–2002. Åra 2003–2008 var ein vekstperiode med ein gjennomsnittleg vekst på seks prosent i året. Auken i passasjeretalet kan forklarast med oppgangskonjunkturen i perioden og framveksten av lågprisselskapa.

Dei siste tre månadene av 2008 gjekk trafikken ned. Årsaka til dette er at den internasjonale finanskrisa byrja å påverke etterspurnaden etter flyreiser. Sett under eitt var det likevel ein trafikkvekst på 2,3 prosent i 2008.

I heile perioden voks utanlandstrafikken nesten dobbelt så fort som innanlandstrafikken. Samanlikna med dei andre landa i Europa har Noreg ein stor innanriksmarknad, og det var fyrst i 2006 at det vart gjennomført fleire utanlandsreiser enn innanlandsreiser frå lufthamnene i Avinor. Nedgangen i flytrafikken på byrjinga av 2000-talet råka heller ikkje utanlandstrafikken på same måten som innanlandstrafikken.

Dei siste åra har det vorte etablert rundt 150 nye direkteruter til utlandet frå lufthamnene i Avinor. Om lag 95 av dei nye rutene var til nye reisemål.

##### Prognose 2009–2013

Ved utgangen av mai 2009 hadde trafikken gått ned med 7,5 prosent samanlikna med dei tre fyrste månadene i 2008.

På bakgrunn av prognosar frå Statistisk sentralbyrå utarbeider Avinor med jamne mellomrom framskrivingar for passasjeretalet på lufthamnene sine. I den siste prognosen går Avinor ut frå ein nedgang på sju prosent i 2009. I tråd med utsiktene for den norske økonomien dei neste åra reknar Avinor med ei svak utvikling i passasjeretalet i



2010, medan trafikken er venta å ta seg opp att frå og med 2011.

### 3.1.2 Konkurransesituasjon

Med 46 lufthamner spreidde over heile landet har Avinor ein dominerande posisjon innan drifta av lufthamner i Noreg. 96 prosent av passasjertrafikken på norske lufthamner går såleis over lufthamnene i Avinor. Seks lufthamner utanfor Avinor har i dag rutetrafikk. Den største har vore Sandefjord lufthamn, Torp. I 2004 gav Bondevik II-regjeringa løyve til sivil lufthamndrift på Rygge militære flystasjon. Moss lufthamn, Rygge, vart offisielt opna i byrjinga av 2008. Rygge og Torp konkurrerer til dels med Oslo lufthamn, Gardermoen, om passasjerane i det sentrale Austlandsområdet. Ut over dette har fire mindre kommunale lufthamner rute- og trafikk (Stord, Skien, Notodden og Ørland).

Avinor er i all hovudsak eineleverandør av flysikringstenester til den sivile og den militære sektoren. Tre av dei kommunale lufthamnene (Stord, Skien og Notodden) driv si eiga flygeinformasjonsteneste (AFIS).

## 3.2 Samferdselsdepartementet som forvaltar av den statlege eigarskapen

*Samfunnsoppdraget* til Avinor er å eige, drive og utvikle eit landsomfattande nett av lufthamner for den sivile sektoren og ei samla flysikringsteneste for den sivile og den militære sektoren.

Ut over dette skal Avinor utføre meir spesifikt definerte *samfunnspålagde oppgåver*. Dette er oppgåver som selskapet ikkje ville ha utført dersom kommersielle omsyn skulle vere styrande. Staten avgjer, i eigenskap av å vere eigar, kva samfunnspålagde oppgåver Avinor skal utføre.

Regjeringa har elles som mål at selskap med statleg eigarskap skal vere leiande i arbeidet med *samfunnsansvar*. Dette er tilhøve som selskapa vil vere tente med å ta seg av på lang sikt, og som selskapa bør ta omsyn til også ut frå kommersielle vurderingar.

### 3.2.1 Samfunnspålagde oppgåver

I samband med skipinga av Avinor vart det slått fast at selskapet skal utføre dei same samfunnspålagde oppgåvene som det dåverande Luftfartsverket, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002–2003) og Budsjett-innst. S.nr. 13 Tl.01 (2002–2003). I det føl-

gjande blir dei viktigaste samfunnspålagde oppgåvene lista opp:

- *Planlegging og utgreiing*: Avinor har ansvaret for dei forskings- og utgreiingsoppgåvene som låg i det dåverande Luftfartsverket, medrekna arbeidet med nasjonal transportplan (NTP). Avinor skal vidare utføre utgreiingar på oppdrag frå Samferdselsdepartementet og elles assistere departementet i meir dagsaktuelle politiske saker.
- *Statistikk*: Avinor har fram til no hatt ansvaret for å leggje fram statistikk for alle norske lufthamner. Samferdselsdepartementet vil vurde om det er føremålstenleg at Avinor skal halde fram med å hente inn statistikk frå lufthamner utanfor Avinor som til dels kan vere konkurrentar til selskapet.
- *Ambulanseberedskap*: Avinor har eit ansvar for å halde lufthamnene opne for ambulansefly- og helikopter, både innanfor og utanfor den ordinære opningstida til lufthamnene.
- *Tilkomst*: Avinor skal leggje tilhøva til rette for flypassasjerar med redusert funksjonsevne. I tråd med nye reglar på området har lufthamnene fått ansvaret for å tilby assistanse til denne passasjergruppa. Den nye diskriminerings- og tilkomstlova stiller vidare krav om universell utforming. Sjå meir om desse regelverka i kapittel 3.3.2 og 3.6.
- *Transport til og frå lufthamnene*: Avinor skal, med dei verkemidla som står til rådvelde for selskapet, vere ein pådrivar og tilretteleggjar for at transporten til og frå lufthamnene i selskapet kan utførast med kollektive transportmiddel. I samband med utbygginga av Oslo lufthamn, Gardermoen, var det eit politisk mål at kollektivdelen i denne transporten skulle utgjere minst 50 prosent. I heile perioden etter opninga har kollektivdelen lege relativt konstant rundt 60 prosent.
- *Sivile beredskapsoppgåver*: Avinor skal medverke i det nasjonale arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.
- *Redningstenesta*: Avinor skal medverke med innsats til Redningstenesta i Noreg på same måten som det dåverande Luftfartsverket.

### 3.2.2 Samfunnsansvar

I St.meld. nr. 13 (2006–2007) *Et aktivt og langsiktig eierskap*, jf. Innst. S. nr. 163 (2006–2007), er det lagt til grunn at selskap med statleg eigarskap skal vere leiande i arbeidet med samfunnsansvar. I meldinga er det gjort greie for ni punkt som Re-

gjeringa vil vere oppteken av i eigardialogen med selskapa.

I det følgjande gjev Samferdselsdepartementet ei generell drøfting av korleis desse ni punkta skal forståast når det gjeld Avinor. Den konkrete oppfølginga frå Avinor med kommentar frå Samferdselsdepartementet følgjer i kapittel 4.

- *Omsstillingar*: Samferdselsdepartementet legg til grunn at Avinor heile tida skal arbeide for å sikre ei mest mogleg kostnadseffektiv drift av selskapet, og at styret og leiinga opptrer ryddig og har ein god dialog med organisasjonane til dei tilsette i slike prosessar.
- *Forskning, utvikling og kompetanseoppbygging*: Avinor er ein dominerande aktør på sitt område innan luftfarten. Forsking og utgreiing er alt nemnde som ei av dei samfunnsplagde oppgåvene til Avinor, jf. kapittel 3.2.1 ovanfor.
- *Miljø*: Samferdselsdepartementet legg til grunn at Avinor blir drive på ein måte som påverkar miljøet minst mogleg. Dei største miljøutfordringane frå luftfarten kjem likevel frå flytrafikken, som Avinor er med på å leggje til rette for ved å tilby infrastruktur. Avinor er ein stor aktør i luftfartsnæringa, som har mykje kompetanse på området. Selskapet skal difor vere ein pådrivar og tilretteleggjar for at dei negative verknadene på miljøet frå luftfartsnæringa kan reduserast. Det er elles verdt å merke seg at ein høg kollektivdel i transporten til og frå lufthamnene alt er nemnd som ei av dei samfunnsplagde oppgåvene til Avinor, jf. kapittel 3.2.1 ovanfor.
- *Helse, arbeidsmiljø og tryggleik (HMT)*: Samferdselsdepartementet føreset at Avinor følgjer opp arbeidet med helse, arbeidsmiljø og tryggleik (HMT) på ein systematisk og truverdig måte.
- *Etikk*: Samferdselsdepartementet legg til grunn at eit selskap som Avinor skal vere leiande i arbeidet med etiske spørsmål. Avinor er i stor grad er einetilbydar, og skal som statleg selskap ha ansvar for omsynet til ålmenta. Det er difor ei særskild etisk utfordring for Avinor å syte for at selskapet ikkje utnyttar denne monopolmakta på ein uheldig måte.
- *Arbeidet mot korrupsjon*: Korrupsjon kan definerast som tilfelle der personar i ansvarsfulle stillingar misbruker makta si for å oppnå personleg vinning. Samferdselsdepartementet vil vise til at korrupsjon best kan motarbeidast gjennom at ein er open og gjev innsyn. Avinor er ein stor innkjøpar på mange område, og Samferdselsdepartementet legg til grunn at selskapet har rutinar som syter for innsyn i måten innkjøpa blir gjorde på.

- *Likestilling*: Både ut frå omsynet til rettferd og omsynet til effektiv ressursutnytting legg Regjeringa vekt på at den kapasiteten og kompetansen kvinner kan medverke med i arbeidslivet, skal utnyttast best mogleg. Samferdselsdepartementet føreset at Avinor legg vinn på å vere eit føredøme når det gjeld likestillingsarbeidet i arbeidslivet.
- *Integrering og høve til karriere for andre grupper*: Deltaking i arbeidslivet er nykelen til ei vellykka integrering, og det er viktig at personar med minoritetsbakgrunn får arbeid etter kvalifikasjonane sine. Innvandrarakter med ikkje-vestleg bakgrunn kan ha større problem med å få innpass i arbeidslivet enn andre grupper. Arbeidsgjevarane må difor vere ekstra merksame på å rekruttere frå denne gruppa. Det same gjeld eldre og personar med redusert funksjonsevne. Samferdselsdepartementet legg til grunn at eit selskap som Avinor legg vinn på å vere eit førebilete på desse områda.
- *Samfunnsstryggleik*: Alle verksemdar skal sikre drifta, dei tilsette og nærmiljøet mot ulukker. Retningsliner for dette blir utarbeidde og følgde opp av fagstyresmaktene innanfor dei ulike sektorane. I NOU 2006:6 *Når sikkerheten er viktigst* er det særleg gjort greie for prinsippa for ein god tryggleikskultur i verksemdar som har ansvaret for kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar. Samferdselsdepartementet føreset at Avinor følgjer opp dette arbeidet på ein god måte.

### 3.2.3 Leiarløner

Regjeringa vil sikre moderate leiarløner i selskap der staten er ein viktig eigar, og har utarbeidd retningsliner for kva tilsetjingsvilkår leiarane bør ha i desse selskapa. Retningslinene vart sist oppdaterte den 8. desember 2006, og er eit fast vedlegg til dei årlege budsjettproposisjonane frå Nærings- og handelsdepartementet. Retningslinene slår fast at selskapa skal ha konkurransedyktige leiarløner, men at selskapa ikkje skal vere lønsleiande samanlikna med tilsvarande selskap. Tilsetjingsvilkåra for den daglege leiaren i Avinor AS følgjer som eit fast vedlegg til dei årlege budsjettproposisjonane frå Samferdselsdepartementet.

### 3.2.4 Tilhøvet til Forsvaret

For å unngå ei kostbar dublering av infrastrukturen har det i Noreg vore ein tradisjon for samarbeid mellom Forsvaret og Luftfartsverket og sei-

nare Avinor. 12 av lufthamnene i Avinor blir såleis på ulike måtar drivne i samarbeid med Forsvaret. Ni lufthammer (Oslo/Gardermoen, Kristiansand/Kjevik, Stavanger/Sola, Bergen/Flesland, Trondheim/Værnes, Harstad-Narvik/Evenes, Tromsø/Langnes, Lakselv/Banak og Kirkenes/Høybuktk-moen) er sivile lufthammer med ein militær sektor, medan tre lufthammer (Bodø, Bardufoss og Andøya/Andenes) er militære lufthammer med ein sivil sektor. Vidare er Avinor leverandør av flysikringstenester til Forsvaret. Dette er eit samarbeid begge partar har tent på, og dette samarbeidet skal halde fram.

Avinor spelar såleis ei viktig rolle i totalforsvaret av Noreg. Samstundes er det lagt til grunn at det skal vere balanse i ytingane mellom Avinor og Forsvaret. Tilhøvet mellom partane er regulert gjennom eit eige avtaleverk.

Avtaleverket blir no reforhandla med grunnlag i eit mandat frå Regjeringa. I mandatet heiter det at avtaleverket skal medverke til at den flyplasskapasiteten som er naudsynt, kan haldast opp på ein heilskapleg, langsiktig og berekraftig måte. Avtaleverket skal òg føre vidare det langsiktige og strategiske samarbeidet mellom Forsvaret og Avinor. Det overordna målet er å sikre effektiv bruk av felles samfunnsressursar innanfor gjeldande regelverk.

Bakgrunnen for reforhandlingane er at Forsvaret ikkje lenger treng å eige så store areal på lufthamnene som tidlegare, samstundes som Avinor treng meir areal som følgje av auka trafikk og nye krav frå styresmaktene (jf. forskrifta om utforming av store flyplassar som er nærare omtala i kapittel 3.3.1). Regjeringa vil vurdere nærare om areal som Forsvaret ikkje lenger treng å eige, og som er viktig for at Avinor skal kunne drive lufthamnene, bør seljast eller leigast ut direkte til Avinor.

### 3.2.5 Målbruk

I den politiske plattformen for Regjeringa (Soria Moria-erklæringa) heiter det at det er særleg viktig å sikre ei god utvikling for nynorsk.

I St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening*, jf. Innst. S. nr. 184 (2008–2009), er spesiell tilrettelegging for at nynorsk skal bli meir reelt likestillt med bokmål, lista opp som eit av fem overordna språkpolitiske mål. For å oppnå desse måla skal alle departementa ta ansvar for språkpolitikken, mellom anna når det gjeld å fremje bruken av nynorsk.

Det har vore lagt til grunn at statsaksjeselskapa ikkje er omfatta av mållova, men at departe-

menta som forvaltar den statlege eigarskapen i desse selskapa, skal fastsetje tilpassa retningslinjer for målbruken. For Avinor var det opphavleg fastsett i § 12 i vedtektene at selskapet skulle følgje prinsippa i mållova «så langt råd er», men likevel ikkje slik at dette utgjorde noka nemnande konkurranseulempe i høve til private konkurrentar.

I generalforsamlinga i 2007 vart denne føresegna skjerpa ved at ho vart delt i to. Prinsippa i mållova skal no alltid følgjast ved kunderetta informasjon. Elles skal prinsippa følgjast «så langt råd er», men likevel slik at det ikkje utgjør noka nemnande ulempe i høve til private konkurrentar.

Som nemnt i kapittel 2.2 er Samferdselsdepartementet i ferd med å gjennomgå vedtektene til selskapa «sine». I denne samanhengen vil departementet vurdere om det er behov for ei ytterlegare skjerping av § 12 i vedtektene. Departementet vil elles sjå til at Avinor følgjer opp føresegnene om målbruk i vedtektene.

### 3.2.6 Produksjon av VFR-kart

VFR-kart, som blir nytta ved privatflyging og luftsport med fly, har ikkje vore oppdaterte sidan år 2000. Avinor skal no oppdatere desse karta. Dette er ei førebels løysing. Departementet vil saman med Avinor og Luftfartstilsynet vurdere kven som skal ha ansvaret for produksjonen, finansieringa o.a. av desse karta i framtida.

## 3.3 Samferdselsdepartementet som styresmakt for luftfarten

Som overordna styresmakt for luftfarten i Noreg fastset Samferdselsdepartementet regelverk som har konsekvensar for Avinor. Dette gjeld både nasjonalt regelverk og EØS-relevant EU-regelverk som blir innført i norsk rett. Samferdselsdepartementet har delegert avgjerdsrett til å fastsetje teknisk-operativt regelverk til Luftfartstilsynet.

Samferdselsdepartementet er vidare takststyresmakt for Avinor, og har dessutan styringsmakt til å fastsetje takstane på lufthammer utanfor Avinor. Som løyvestyresmakt gjev Samferdselsdepartementet løyve til å eige og drive lufthammer. Staten og Samferdselsdepartementet opptre elles som miljøstyresmakt på ei rekkje område.

Samferdselsdepartementet har òg høve til å opptre som planstyresmakt. I stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan 2010–2019 har Regje-

ringa varsla at det er teke ei prinsipiell avgjerd om at det skal startast eit arbeid for å bandleggje areal til ei eventuell tredje rullebane ved Oslo lufthamn, Gardermoen, jf. St.meld. nr. 16 (2008–2009) Innst. S. nr. 300 (2008–2009).

### 3.3.1 Regelverk utvikla i Noreg

#### *Forskrift om utforming av store flyplassar*

Luftfartstilsynet har fastsett ei revidert forskrift om utforming av store flyplassar («forskrift om store flyplasser (BSL E 3–2)») som tok til å gjelde frå 1. september 2006. Forskrifta skjerpar krava til storleiken på tryggleiksområda rundt rullebanene. For ei nærare omtale av forskrifta blir det vist til den førre eigarmeldinga, jf. St. meld. nr. 15 (2006–2007) og Innst. S. nr. 142 (2006–2007).

I § 10-planen som ligg til grunn for denne meldinga, peikar Avinor på at forskrifta på nokre område stiller strengare krav til tryggleiksområda enn dei internasjonale standardane og tilrådingane i anneks 14 til Chicago-konvensjonen. Avinor bed styresmaktene om å vurdere både omfanget av krava og i kva tempo dei skal gjennomførast.

Samferdselsdepartementet har lagt dette fram for Luftfartstilsynet. Tilsynet stadfester at den norske forskrifta er strengare enn dei internasjonale standardane på somme område, men viser òg til at forskrifta stiller mindre strenge krav på andre område. Ifølgje Luftfartstilsynet er Avinor og tilsynet no samde om eit meir fleksibelt system både for korleis og i kva tempo krava i forskrifta skal gjennomførast.

#### *Forskrift om førebygging av støy for Oslo lufthamn, Gardermoen*

I samband med at Gardermoen vart bygd ut som hovudflyplass for Austlandsområdet fastsette Samferdselsdepartementet i 1997 ei forskrift om inn- og utflygingstrasear på lufthamna («forskrift om flytraseer, Gardermoen»). Føremålet med forskrifta var å regulere flygingane ved lufthamna for å redusere støyulempene mest mogleg, samstundes som ein tek flyoperative omsyn.

Det har vist seg vanskeleg å praktisere forskrifta. Luftfartstilsynet har difor utarbeidd eit framlegg til ei ny forskrift. I utkastet føreslår Luftfartstilsynet fleire endringar som skal betre støytilhøva og gjere det enklare å praktisere regelverket.

Framlegget blir for tida behandla i Samferdselsdepartementet. Departementet tek sikte på å ta ei avgjerd i denne saka i innan utgangen av 2009.

#### *Forskrift om flygeinformasjonsteneste*

Flygeinformasjonstenesta (AFIS) gjev råd og opplysningar for flyging i ukontrollert luftrom, i hovudsak på kortbanenettet. Luftfartstilsynet vedtok i desember 2008 ei ny forskrift som regulerer denne tenesta («forskrift om lokal flygeinformasjonstjeneste»). Dei nye reglane set skjerpa krav til opplæring og trening.

### 3.3.2 EU/EØS-regelverk

Regjeringa fører ein aktiv europapolitikk, jf. St.meld. nr. 23 (2005–2006) *Om gjennomføring av europapolitikken* og Innst. S. nr. 115 (2006–2007). I tråd med denne meldinga har Samferdselsdepartementet utarbeidd ein eigen EØS-strategi. Hovudmålet i strategien er at departementet skal drive påverknadsarbeid som skal medverke til at avgjerder i EU/EØS er i samsvar med norsk samferdselspolitikk.

#### *Det felleseuropeiske luftrommet*

EU vedtok i 2004 ei lovgjevingspakke under nemninga «Eit felles europeisk luftrom» («Single European Sky»). Hovudføremålet med lovgjevingspakka har vore å effektivisere avviklinga av flytrafikken i luftrommet over Europa, samstundes som lovgjevinga skal ha positive verknader for miljøet, flytryggleiken og brukarane i form av lågare avgifter. Lovgjevinga er teken inn i norsk rett som ein del av EØS-avtala, jf. St.prp. nr. 87 (2005–2006) og Innst. S. nr. 46 (2006–2007) og kongeleg resolusjon av 26. januar 2007.

Lovgjevingspakka har følgjande hovudpunkt:

- *Sertifisering etter felles regelverk*: Leverandørar av flysikringstenester og flygeleiarar skal sertifiserast etter ein felleseuropeisk standard. Dette skal gje ein einskapleg standard for flytryggleiken i Europa. Styresmaktene i kvart land skal peike ut tenesteleverandørar i sitt område og avgjere korleis dei skal peikast ut.
- *Felles krav til teknisk utstyr og system*: Fram til no har ulike nasjonale standardar gjort det vanskeleg for flysikringstenestene å samarbeide over landegrensene. Felles krav til teknisk utstyr og system skal sikre «interoperabilitet» mellom flysikringstenestene i dei ulike landa.
- *Funksjonelle luftromsbløkker* skal leggje til rette for at kontrollen med flytrafikken skal ta utgangspunkt i trafikkstraumane og ikkje landegrensene. Utviklinga av dei funksjonelle luftromsbløkkene skal vere frivillig.



- *Utvikling av ny teknologi*: Teknologiutviklinga er lagd til eit eige forskings- og utviklingsprogram (SESAR) og skal sikre ei meir effektiv utnytting av luftrommet.
- *Fleksibel bruk av luftrommet* mellom den sivile og den militære sektoren skal sikre ei meir effektiv utnytting av luftrommet.
- *Felles avgiftsregelverk*: Regelverket omfattar flysikringstenestene og skal sikre kostnadsrelaterede avgifter, konsultasjonsordningar og innsyn for brukarane.

Konsekvensane for Avinor av lovgjevingspakka er nærare omtala i kapittel 4 og 5. For ei grundigare omtale av lovgjevingspakka blir det elles vist til den førre eigarmeldinga, jf. St. meld. nr. 15 (2006–2007) og Innst. S. nr. 142 (2006–2007).

#### *Nye lovgjevingsframlegg frå EU-kommisjonen*

I juni i 2008 la EU-kommisjonen fram ei pakke med framlegg under nemninga «Single European Sky II». Lovgjevingspakka er førebels ikkje formelt vedteken i EU, men i mars 2009 kom det til ei semje mellom Europaparlamentet, Ministerrådet i EU og EU-kommisjonen om saka. Lovgjevingspakka er EØS-relevant, og Samferdselsdepartementet vil vurdere om det er behov for tilpassingar når lovgjevinga skal takast inn i EØS-avtala.

I den nye lovgjevingspakka ligg det at det skal fastsetjast felleseuropeiske mål for ytingane frå flysikringstenestene innanfor områda for tryggleik, kapasitet, effektivitet, kostnader og miljø. Mellom anna skal det utviklast insentivordningar for å sikre ei effektivisering av undervegstenestene. EU-kommisjonen, medlemslanda, nasjonale tilsynsstyresmakter og EUROCONTROL, eller ein annan offentleg instans, skal på ulike måtar vere med på å utarbeide og handheve måla.

Vidare skal dei funksjonelle luftromsblokkene vere operative seinast tre år etter at lovgjevingspakka formelt er vedteken.

Elles skal EU-byrået for flytryggleik, EASA, få fullmakt til å syte for flytryggleiken på områda for flysikringstenester og lufthamner. Dette inneber at EASA vil få ansvar for utvikling av regelverk og tilsyn på desse områda. I dag blir regelverket på desse områda utvikla i høvesvis EUROCONTROL og EU når det gjeld flysikringstenester, og den internasjonale luftfartsorganisasjonen til Dei sameinte nasjonane (SN), ICAO, når det gjeld lufthamner.

For å medverke til å løyse kapasitetsproblema på lufthamnene i Europa skal EU skipe eit uavhengig panel som skal føreslå tiltak som kan betre situ-

asjonen. Det blir elles peika på dei positive verkna- dene det felleseuropeiske luftrommet vil ha på miljøet, og den viktige rolla SESAR spelar for å oppnå måla med det felleseuropeiske luftrommet.

Punktet om at EU-landa skal nytte EASA som sin faginstans på området for flysikringstenester i staden for EUROCONTROL, er utfordrande for Noreg, sett i lys av at det er 12 medlemsland i EUROCONTROL som ikkje er medlem i EU. Når det gjeld punktet om at EASA skal ta over ansvaret for flytryggleiken på lufthamnene, er Noreg oppteke av at regelverket må opne for kompensierende tiltak, slik den norske forskrifta på området legg til rette for. Samferdselsdepartementet har teke dette opp med EU ved fleire høve.

#### *Beredskap mot terror og sabotasje*

EU har utarbeidd eit omfattande regelverk som skal hindre ulovlege handlingar mot den sivile luftfarten. Regelverket er gjennomført i norsk rett som ein del av EØS-avtala og inneheld tiltak som mellom anna gjeld flyselskapa, passasjerane, dei tilsette ved lufthamnene og frakt, medrekna post.

Regelverket er i dag samansett, og EU-kommisjonen er i ferd med å utarbeide eit konsolidert regelverk som mellom anna skal blir meir oversiktelig. På sikt er det eit mål at reglane også i større grad skal avspegle risikoen dei er meint å skulle regulere.

For å hindre åtak med flytande eksplosiv vart det i 2006 innført forbod mot å ha med seg flytande væske gjennom tryggingskontrollen.

Det nye regelverket på området tek til å gjelde i EU-landa frå 29. april 2010. Dette regelverket til- lét ikkje at det noverande væskeforbodet blir vida- reført. Det vil seie at det ikkje er heimel for dette i det nye regelverket. Føresetnaden frå EU si side er at det kan takast i bruk ny teknologi på luftham- nene som kan «avsløre» alle flytande eksplosiv.

Røynslene så langt kan tyde på at relevant tek- nologi kan liggje noko fram i tida. Det er organa i EU som avgjer korleis regelverket blir følgt opp, og kva for tryggingskontroll som skal nyttast til kvar tid.

Regjeringa har som mål at reisande frå alle luft- hamner skal få ein enklare tryggingskontroll, og vil arbeidet aktivt overfor EU for å påverke dette.

#### *Assistanse til passasjerar med redusert funksjonsevne*

EU har innført eit regelverk som gjev lufthamne- ne ansvaret for å tilby assistanse til passasjerar

med redusert funksjonsevne. Som ein del av EØS-avtala vart forordninga teken inn i norsk rett i 2008. Noreg ynskte å gå lenger enn EU-regelverket, og innførte i tillegg ein nasjonal minstestandard for kva slags assistanse denne passasjergruppa har krav på.

#### Direktiv om lufthamnavgifter

I februar 2009 vedtok EU eit direktiv om lufthamnavgifter. Direktivet byggjer på prinsippa om ikkje-diskriminering, rett til innsyn og konsultasjonar med brukarane.

Direktivet vil bli teke inn i norsk rett som ein del av EØS-avtala. Samferdselsdepartementet meiner at direktivet vil få lite å seie for Avinor. For Noreg er det viktig at direktivet opnar for å definere eit system av lufthamner som ei eining, og operere med like avgifter innanfor systemet. Dette betyr at samfinansieringa i Avinor kan halde fram, og at avgiftene kan innrettast på same måte som i dag. Det vil truleg heller ikkje vere behov for å gjere endringar i måten avgiftene blir fastsette på.


#### 3.3.3 Takstpolitikk

Det er sterke samfunnsomsyn knytte til innretninga og nivået på avgiftene flyselskapa betaler for å nytte tenestene frå Avinor. Med heimel i luftfartslova og i eigenskap av å vere styresmakt for luftfarten fastset Samferdselsdepartementet takstane for selskapet. Takstregulativet blir fastsett i form av ei forskrift, vanlegvis ein gong i året.

Avgiftene er knytte til talet på passasjerar (passasjeravgift og tryggingavgift), vekta på flya (startavgift) og vekt og flogen distanse (undervegsavgift). Passasjeravgifta og startavgifta er med og finansierer infrastrukturen og drifta av lufthamnene. Inntektene frå tryggingavgifta er øyremerkte til tiltak mot terror og sabotasje, medan inntektene frå undervegsavgifta er øyremerkte til undervegstenestene.

Figur 3.2 viser utviklinga i takstnivået i Luftfartsverket og seinare Avinor i perioden 1996–2008, samanlikna med utviklinga i konsumprisindeksen frå Statistisk sentralbyrå.

Figuren viser at det samla avgiftsnivået var om lag på det same nivået i 2008 som i 1996. Nye tiltak for å hindre åtak mot luftfarten – som vart innførte etter hendingane 11. september 2001, og som vart finansierte gjennom ei eiga tryggingavgift – gav eit skift oppover i avgiftsnivået på midten av 2000-talet. Ser ein bort frå tryg-



Figur 3.2 Indeksar for takstnivå i Avinor med og utan tryggingavgift til finansiering av tiltak mot terror og sabotasje. 1996–2008

Kjelde: Avinor

gingavgifta, har avgiftsnivået reelt gått ned dei siste åra.

Avinor har eit omfattande samfunnsoppdrag og mange viktige samfunnspålagde oppgåver. Som takststyresmakt vil Samferdselsdepartementet ta omsyn til at Avinor skal ha inntekter som gjer selskapet i stand til å løyse desse oppgåvene. Samstundes er Avinor tilnærma eineleverandør i mange marknader. Takstpolitikken skal difor òg medverke til at Avinor ikkje utnyttar monopolmakta på ein uheldig måte, og medverke til at selskapet blir drive mest mogleg effektivt. Som takststyresmakt vil Samferdselsdepartementet dessutan sikre breie samfunnsomsyn, som omsynet til miljøet og omsynet til distrikta.

Samferdselsdepartementet fastsette Avinors takstregulativ for 2009 den 5. november 2008. I gjennomsnitt vart takstane auka med 3,1 prosent frå 2008. Dette tilsvara den prisveksten som var venta for 2009 den gongen.

Luftfartslova gjev òg Samferdselsdepartementet heimel til å fastsetje takstane på lufthamner utanfor Avinor. Samferdselsdepartementet nyttar i dag denne heimelen til å fastsetje takstane på Moss lufthamn, Rygge.

#### Vurderinga til Samferdselsdepartementet

Avinor står overfor store investerings- og finansieringsutfordringar dei neste åra. Dette kan tale for at avgiftsnivået bør aukast i tida framover. I sam-



band med at Samferdselsdepartementet skal fastsetje takstregulativet til Avinor for 2010 seinare i 2009, har departementet bede Avinor om å utarbeide eitt framlegg der takstnivået følgjer konsumprisindeksen neste år. Avinor er vidare bede om å utarbeide eit alternativt framlegg der inntektene frå lufthamnavgiftene sikrar at investeringar som er naudsynte for å oppfylle krava i forskrifta om utforming av store flyplassar dei neste tre åra, blir gjennomførde. Sjå kapittel 3.3.1 og kapittel 5 for ei nærare omtale av forskrifta. Samferdselsdepartementet vil kome attende med resultatata av vurderinga si når takstregulativet til Avinor for 2010 blir lagt fram.

Som nemnt er tryggingssavgifta og undervegsavgifta kostnadsbaserte. Innanfor regelverket for det felleseuropeiske luftrommet skal det utviklast inntevordningar for å sikre ei effektivisering av undervegstenestene. Samferdselsdepartementet vil vurdere om det er mogleg å utvikle ei liknande ordning for tryggingssavgifta. Samferdselsdepartementet vil elles be Avinor om å greie ut om det er mogleg å differensiere lufthamnavgiftene etter miljøegenskapane til flya, mellom anna når det gjeld støy.

### 3.3.4 Løyvepolitikk

Etter luftfartslova trengst det løyve frå Samferdselsdepartementet for å «anlegge, drive eller inneha landingsplass». Løyve skal gjevast når det er i samsvar med allmenne interesser. I vurderinga skal det leggjast vekt på omsynet til miljø, helse, regulering, kultur og næringsinteresser.

Avinor hadde tidlegare eit samla løyve for alle lufthamnene i selskapet. Frå 1. januar 2007 vart samleløyvet erstatta av eit løyve for kvar einiskild lufthamn.

Oslo lufthamn, Gardermoen, vart i si tid bygd ut som hovudflyplass for Oslo-området, jf. St.prp. nr. 90 (1991–1992) *Utbygging og finansiering av hovudflyplass for Oslo-området på Gardermoen med tilhørende tilbringersystem og konsekvenser for Forsvaret* og Innst. S. nr. 90 (1991–1992). På det sentrale Austlandsområdet konkurrerer hovudflyplassen på Gardermoen og lufthamner utanfor Avinor delvis om dei same passasjerane. Gardermoen skal vere med og halde oppe eit stort tal bedriftsøkonomisk ulønsame lufthamner i heile landet, medan lufthamnene utanfor Avinor ikkje tek del i denne samfinansieringa. Som løyvestyresmakt vil Samferdselsdepartementet ta omsyn til den viktige rolla Gardermoen spelar i å halde oppe eit desentralisert nett av lufthamner i Noreg, jf. St.meld. nr. 16 (2008–2019) *Nasjonal transportplan 2010–2019* og Innst. S. nr. 300 (2008–2009).

## 3.4 Samferdselsdepartementet som tilskotsstyresmakt

I 1997 og 1998 overtok det dåverande Luftfartsverket 26 lufthamner frå kommunane. I denne samanhengen vart det innført ei tilskotsordning på budsjettet til Samferdselsdepartementet som delvis skulle dekkje dei auka kostnadene for Luftfartsverket. Ordninga omfatta i tillegg Båtsfjord lufthamn, som Luftfartsverket bygde på den tida, og helikopterlandingsplassen på Værøy.

Løyvingane til dei regionale lufthamnene nådde ein topp i 2004 med 264 millionar kroner. I perioden 2006–2008 har det ikkje vore løyvt midlar til denne ordninga. Grunngevinga for dette har vore dei relativt gode tidene for luftfarten i perioden og betre rammevilkår for Avinor. I 2005 vart infrastrukturen for luftfarten såleis teken inn i opplegget for meirverdiavgifta, og i 2006 vart det opna opp for avgiftsfritt sal ved framkomst frå utlandet. Avinor opplyser at desse tiltaka til saman har betra resultatet i Avinor med 600–800 millionar kroner i året.

I samband med at Luftfartsverket vart skipa om til Avinor vart det lagt til grunn at tilskotet skulle erstattast av ei kjøpsordning. Dette arbeidet har sidan vorte lagt på is.

I § 10-planen viser Avinor til at dei pliktene som samfunnet pålegg Avinor å utføre, gjer det naudsynt at staten dekkjer underskotet på dei regionale lufthamnene gjennom statleg kjøp.

### Vurderinga til Samferdselsdepartementet

Dersom staten ynskjer at eit selskap som Avinor skal utføre bedriftsøkonomisk ulønsame oppgåver, kan staten betale selskapet direkte for dette. Alternativt kan staten kompensere selskapet indirekte ved å gje selskapet ulike føremoner, og la selskapet nytte fortienesta frå desse føremonene til heilt eller delvis å dekkje underskotet frå dei ulønsame oppgåvene.

For Avinor har staten valt det siste alternativet. Drifta av lufthamnene rundt dei største byane gjev selskapet gode inntekter, ikkje minst som følge av høvet til å drive avgiftsfritt sal. Som motytting for dette skal Avinor drive ei rekkje bedriftsøkonomisk ulønsame lufthamner rundt omkring i landet og utføre ei rekkje samfunnspålagde oppgåver.

Dei siste åra har det vore lagt til grunn at overskotet på dei bedriftsøkonomisk lønsame lufthamnene skal dekkje kostnadene ved dei samfunnspålagde oppgåvene og heile underskotet ved luft-

hamnene som går med bedriftsøkonomisk underskot. Avinor meiner som nemnt at dette ikkje er tilstrekkeleg, og bed om at staten løyver midlar som dekkjer underskotet på dei regionale lufthamnene.

Samferdselsdepartementet vil vise til at som aksjeselskap bør Avinor styrast etter sunne bedriftsøkonomiske prinsipp. I dette ligg det at selskapet bør ha rammevilkår som gjer det mogleg for selskapet å nå det avkastningsmålet eigaren har sett på kapitalen som er skoten i selskapet. Som det er vist i kapittel 6.1 har ikkje Avinor nådd avkastningsmålet fram til no. Dette kan tyde på at selskapet ikkje blir kompensert tilstrekkeleg for dei bedriftsøkonomisk ulønsame oppgåvene selskapet er pålagt. På den andre sida kan ein stille spørsmål ved om det er riktig at staten skal krevje same avkastning frå dei regionale lufthamnene som frå resten av lufthamnene i selskapet. Dette er eit spørsmål Samferdselsdepartementet vil greie ut nærare.

Samferdselsdepartementet har merka seg at Avinor vil ha utfordringar med å finansiere tryggleiksinvesteringar som er naudsynte for å halde oppe dagens transportstandard på alle lufthamnene. Våren 2009 varsla Avinor at selskapet mellombels ville utsetje investeringar i mellom anna tryggleiksområde på fem lufthamner, jf. kapittel 5.1. Som ein del av tiltakspakka overfor Avinor, jf. kapittel 1.1, vil Regjeringa fremje ein proposisjon med framlegg om eit ekstraordinært tilskot til Avinor på 150 millionar kroner i 2009 knytt til gjennomføring av særskilde tryggleikstiltak. Saman med dei andre tiltaka i pakka skal tilskotet medverke til at Avinor kan gjennomføre naudsynte tryggleiksinvesteringar.

Utviklinga i flytrafikken og økonomien i Avinor er likevel usikker, og Samferdselsdepartementet vil følgje utviklinga nøye i tida framover. Departementet vil samstundes peike på at det er naudsynt at Avinor driv verksemda på ein måte som gjer selskapet i stand til å handtere dei svingingane som ein av røynsle veit at finst i luftfarten.

Det blir elles vist til gjennomgangen av den økonomiske og finansielle situasjonen i Avinor i kapittel 5 og 6.

### 3.5 Staten som miljøstyresmakt

Miljøtiltak frå styresmaktene vil få konsekvensar for Avinor på fleire område.

Transportpolitikken til Regjeringa skal medverke til å avgrense klimagassutsleppa, redusere

dei miljøskadelege verknadene av transport og medverke til å oppfylle både nasjonale mål og dei internasjonale pliktene Noreg har teke på seg på miljøområdet, jf. St.meld. nr 16 (2008–2009) *Nasjonale transportplan 2010–2019* og Innst. S. nr. 300 (2008–2009).

Miljøverndepartementet har ansvaret for at Noreg fører ein heilskapleg miljø- og klimapolitikk. Samferdselsdepartementet og Luftfartstilsynet har også viktige miljøoppgåver på luftfartsområdet. Det er vidare ein del av samfunnsansvaret til Avinor å vere ein pådrivar og tilretteleggjar for at dei negative verknadene på miljøet frå luftfartsnæringa kan reduserast, jf. kapittel 3.2.2. I kapittel 4 og 5 er det gjort greie for korleis Avinor følgjer opp miljøansvaret sitt og korleis Samferdselsdepartementet vurderer dette arbeidet.

Luftfarten verkar inn på miljøet gjennom støy, bruk av areal og utslepp til luft og grunn. På ei rekkje av desse områda har Stortinget sett nasjonale miljømål. Den største miljøutfordringa innanfor luftfarten er å få på plass internasjonale verkemiddel for å avgrense klimagassutsleppa frå den internasjonale luftfarten. Det er elles knytt somme utfordringar til støy frå luftfarten.

#### *Utslepp av klimagassar*

Noreg skal vere ein pådrivar for ei meir ambisiøs og omfattande klimaavtale etter Kyoto-perioden. Utgangspunktet for Noreg er målet om at den globale temperaturauken skal haldast under to grader samanlikna med nivået før industrialiseringa av verda tok til. Noreg har mål om å vere karbonnøytralt seinast i 2030, jf. St.meld. nr 34 (2006–2007) *Norsk klimapolitikk* og Innst. S. nr. 145 (2006–2007). Innanfor transportsektoren er det eit mål at utsleppa skal reduserast med 2,5–4,0 millionar tonn i året.

Den innanlandske sivile luftfarten stod i 2007 for eit utslepp av klimagassar på 0,9 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Dette tilsvara rundt to prosent av dei samla klimagassutsleppa i Noreg. Innanriks luftfart er omfatta av Kyoto-avtala, og som eitt av få land i verda har Noreg innført ei eiga CO<sub>2</sub>-avgift på denne delen av luftfarten. Eit verkemiddel for å handtere klimagassutsleppa frå den innanlandske luftfarten er såleis på plass.

Klimagassutslepp frå fly som tankar drivstoff i Noreg og flyg til utlandet, utgjorde 1,2 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2006. Den internasjonale luftfarten er ikkje omfatta av Kyoto-avtala. Utfordringa er såleis å få på plass verkemiddel som regulerer klimagassutsleppa frå denne delen av luftfarten.

På europeisk nivå har EU skipa eit kvotehandlingsystem. Noreg alt har slutta seg til dette systemet som ein del av EØS-avtala. EU har vedteke at luftfarten skal takast inn i dette systemet. Noreg er positivt til dette og vil vurdere om det er behov for å gjere tilpassingar i EU-rettsakta i samband med at ho skal takast inn i EØS-avtala.

Regjeringa vil likevel understreke at klimaendringane er ei global utfordring som fyrst og fremst må løysast med globale verkemiddel. Regjeringa arbeider difor for at den internasjonale luftfarten skal omfattast av den nye klimaavtala som skal erstatte Kyoto-avtala. Regjeringa vil arbeide for skattlegging av den internasjonale luftfarten og for at inntektene frå ein slik skatt skal øyremerkjast til SN.

### Støy

I 1999 stod luftfarten for fire prosent av den samla støyplaga i Noreg. I St.meld. nr 26 (2006–2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*, jf. Innst. S. nr. 132 (2007–2008), gjekk Regjeringa inn for at støyplaga i Noreg skal reduserast med ti prosent innan 2020 samanlikna med 1999. Luftfarten vil nå dette målet med god margin, men det er likevel rekna med ei negativ utvikling dei siste åra fram mot 2020, dersom nye tiltak ikkje blir sette i verk.

I den same meldinga er det sett som mål at talet på personar som er utsette for støy over 38 dB innandørs, skal reduserast med 30 prosent innan 2020. For å oppnå dette vil Regjeringa skjerpe krava til kva støynivå som skal tillatast innandørs. Dette er eit tiltak som vil motverke den negative utviklinga i støyulempene frå luftfarten fram mot 2020.

Forskrifta om førebygging av støy frå Oslo lufthamn, Gardermoen, skal medverke til å redusere støyulempene frå denne lufthamna, jf. kapittel 3.3.1. Som det er vist til i kapittel 3.3.3 vil Samferdselsdepartementet elles be Avinor om å greie ut om det er mogleg å differensiere lufthamnnav-

giftene etter miljøegenskapane til flya, mellom anna når det gjeld støy.

### 3.6 Staten som lovgjevar elles

I dette avsnittet blir det gjort greie for to lover frå områda til andre departement som vil gje konsekvensar for Avinor.

#### *Diskriminerings- og tilkomstlova*

Diskriminerings- og tilkomstlova («diskriminerings- og tilgjengelighetsloven») tok til å gjelde frå 1. januar 2009. Utover å forby diskriminering gjev lova også offentleg verksemd ei generell plikt til å leggje til rette for og arbeide målretta for å fremje universell utforming. Universell utforming skal sikre færrast mogleg spesialordningar, slik at flest mogleg kan nytte eit ordinært tilbod. Lova er generell og gjeld også for lufthamnene.

Som styresmakt for luftfarten har Samferdselsdepartementet sett i gang ein prosess i samråd med Barne- og likestillingsdepartementet for å vurdere om sektorlovgjevinga på luftfartsområdet kjem måla i diskriminerings- og tilkomstlova i møte. I dette arbeidet vil også organisasjonane som representerer personar med redusert funksjonsevne bli inviterte, og alle partar i saka vil bli høyrde.

#### *Lov om vaktverksemd*

I St.prp. nr. 49 (2008–2009) og Innst. O. nr. 116 (2008–2009) ligg det at lova om vaktverksemd («vaktvirksomhetsloven») vil bli endra. Dette fører til at utdanningsnivået for vektarane og kontrollen med vaktneringa blir heva. Selskapa som står for tryggingkontrollane på lufthamnene i Avinor, er òg omfatta av lovendringa.

## 4 Verksemda i Avinor 2005–2007

Dette kapitlet gjer greie for verksemda i Avinor i perioden 2005–2007. Hovudvekta er lagd på 2007 med utgangspunkt i § 10-planen som selskapet la fram for Samferdselsdepartementet i 2008. Kommenterarar frå Samferdselsdepartementet følgjer i slutten av kapitlet.

### 4.1 Rapportering frå Avinor

#### 4.1.1 Tryggleik

Tabell 4.1 viser talet på alvorlege luftfartshendingar og luftfartsulukker der Avinor medverka til hendinga eller ulukka. Tabellen gjeld for åra 2005–2007. I perioden gjekk både talet på alvorlege hendingar og ulukker ned, og i 2007 medverka Avinor ikkje til noka ulukke. I perioden arbeidde Avinor med fleire prosjekt som skal medverke til å betre flytryggleiken. Desse prosjekta er nærare omtala i kapittel 5.1.1.

I 2006 skjerpa styresmaktene reglane som skal sikre luftfarten mot terror og sabotasje. Tilsette i luftfarten har vore misnøgde med måten tryggingsskontrollane har vore gjennomførde på. Avinor leidde eit samarbeidsutval som i 2007 la fram ein rapport med framlegg til tiltak. Avinor har gjennomført fleire tiltak med bakgrunn i denne rapporten. Oppgåva med å følgje opp rapporten vidare er overteke av Luftfartstilsynet.

#### 4.1.2 Økonomi

##### Økonomisk utvikling

Tabell 4.2 viser nykeltal frå rekneskapen til Avinor-konsernet for perioden 2005–2007.

Inntektene til Avinor er sette saman av avgiftsinntekter og kommersielle inntekter. Avgiftsinn-

Tabell 4.1 Alvorlege hendingar og ulukker der Avinor medverka til hendinga eller ulukka. 2005–2007

	2005	2006	2007
Alvorlege luftfartshendingar	10	7	1
Luftfartsulukker	1	1	0

tektene skriv seg frå avgiftene flyselskapa betaler for å nytte infrastrukturen til Avinor. Avgiftene blir fastsette av Samferdselsdepartementet som styresmakt. Kommersielle inntekter er inntekter frå parkeringsverksemd, hotellverksemd, utleige av areal og avgiftsfritt sal på lufthamnene.

Driftsinntektene til Avinor auka med nærare 30 prosent i perioden 2005–2007. Særleg var det sterk vekst i dei kommersielle inntektene, som auka frå 36 prosent av dei samla inntektene i 2005 til 44 prosent i 2007. Årsakene til auken i driftsinntektene var veksten i flytrafikken i perioden og endringar i rammevilkåra for Avinor. Viktig i denne samanhengen er det at infrastrukturen for luftfarten kom inn i opplegget for meirverdiavgifta i 2005, og at det vart opna for avgiftsfritt sal til passasjerar som kjem frå utlandet i 2006. Til saman har desse tiltaka auka resultatet i Avinor med 600–800 millionar kroner i året.

I same perioden voks kostnadene prosentvis omtrent like mykje som inntektene. Flysikringstenesta, tiltak mot terror og sabotasje og dei regionale lufthamnene er område som har hatt særleg høg kostnadsvekst. Ifølgje Avinor er årsaka til kostnadsveksten i flysikringstenesta mangelen på flygeleiarar, medan nye krav frå styresmaktene blir oppgjevne som årsaka til kostnadsveksten på områda tiltak mot terror og sabotasje og dei regionale lufthamnene.

Driftsresultatet før skatt og finanspostar auka frå 811 millionar kroner i 2005 til 1 120 millionar kroner i 2007, og årsresultatet frå 386 til 645 millionar kroner.

Tabell 4.2 Avinor-konsernet. Nykeltal frå rekneskapen. 2005–2007. Mill. kr

	2005	2006	2007
Driftsinntekter	5 255	6 018	6 689
Driftskostnader	4 445	5 257	5 750
Driftsresultat	811	942	1 120
Årsresultat*	386	433	645

\* Årsresultat er lik driftsresultat minus finansresultat minus skattekostnad



Tabell 4.3 Driftsresultat pr. eining i Avinor. 2005–2007. Mill. kr

	2005	2006	2007
Oslo Lufthavn AS	1 140	1 567	1 661
Divisjon store lufthamner	534	542	551
Divisjon mellomstore lufthamner	-258	-308	-411
Divisjon regionale lufthamner	-503	-580	-664
Flysikringsdivisjonen	-102	-460	-198
Konsernpostar	0	181	180
Avinor-konsernet	811	942	1 120

Tabell 4.3 viser driftsresultatet for dei ulike einingane i Avinor for perioden 2005–2007. I perioden auka overskotet på Oslo Lufthavn AS og divisjonen for store lufthamner med rundt 500 millionar kroner, medan underskotet i divisjonane for mellomstore og regionale lufthamner auka med rundt 300 millionar kroner. Flysikringsdivisjonen gjekk med underskot i heile perioden. Over tid skal denne divisjonen gå i balanse, slik at underskot i nokre år vil bli dekt inn gjennom overskot i komande år. Eigedomsselskapa i Avinor, jf. kapittel 2.1, skaffar Avinor inntekter for rundt 50 millionar kroner i året.

### Investeringar

Tabell 4.4. viser investeringane i Avinor i perioden 2005–2007. Av tabellen følgjer det at Avinor nesten tredobla investeringsnivået i perioden, frå 0,8 milliardar kroner i 2005 til 2,0 milliardar i 2007.

Nytt kontrolltårn ved Trondheim lufthamn, Værnes, vart teke i bruk i 2005. Nytt terminalbygg på Svalbard lufthamn, Longyear, vart opna i desember 2007. På Oslo lufthamn, Gardermoen, vart ein ny fjernoppstillingsplass for fly teken i bruk i desember 2007. På det kommersielle området vart eit utvida parkeringshus på Oslo lufthamn, Gardermoen, teke i bruk i 2007, og nytt hotell ved Bergen lufthamn, Flesland, vart opna i 2007. Fleire prosjekt er førebels ikkje avslutta; dei blir nærare omtala i kapittel 5.

Tabell 4.4 Investeringar i Avinor. 2005–2007. Mill. kr

	2005	2006	2007
Investeringar	826	1 545	1 991

### 4.1.3 Kundar

#### Tenestekvalitet

Avinor har som mål å vere blant den beste tredelen av lufthamner i Europa, mellom anna når det gjeld talet på forseinkingar og tenestekvalitet.

Avinor har eit system for å måle og følgje opp kvaliteten på tenestene selskapet leverer. Dette skjer gjennom regelbundne kundemålingar og ulike samarbeidsforum med brukarane. Undersøkingane viser at Avinor ikkje har nådd sine eigne mål når det gjeld tenestekvaliteten. Som ein lekk i dette arbeidet har Avinor sett i gang forsøk med avtaler om tenestekvalitet, «Service level agreements (SLA)», mellom Avinor og flyselskapa.

Avinor har som mål at 98,0 prosent av alle planlagde flyavgangar faktisk skal gjennomførast (*regularitet*), og at 88,0 prosent av avgangane skal vere presise (*punktleg avgang*). Fly som tek av meir enn 15 minutt seinare enn planlagt, blir i denne samanhengen rekna som forseinka.

Tabell 4.5 viser utviklinga i regularitet og punktleg avgang i Avinor for perioden 2005–2007. Regulariteten låg rundt målet på 98,0 prosent. Når det gjaldt punktleg avgang, klarde ikkje Avinor å nå sitt eige mål på 88,0 prosent. Avinor peikar på at resultatata på dette området også er avhengige av omstende selskapet ikkje har herredøme over, dvs. tilhøve i flyselskapa, tilhøve hjå andre tenesteutøvarar og dårleg vær. Nesten to tredelar av alle forseinkingane skriv seg frå tilhøve i flyselskapa som gjer at flya kjem for seint inn til lufthamnene.

#### Tilkomst

Avinor meiner at tilkomsten for passasjerar med redusert funksjonsevne i hovudsak er tilfredsstillande på dei fleste av lufthamnene i selskapet. Avinor peikar likevel på at det framleis er utfordringar på fleire lufthamner når ein ser heile reisekjeda i samanheng, dvs. frå ein passasjer kjem til flyplassen og fram til ho eller han er komen om bord i flyet.

Arbeidet med tilkomst i Avinor er organisert i eit eige forum, «flygruppa», under leiing av Avinor, der både brukarorganisasjonane, flyselskapa

Tabell 4.5 Regularitet og punktleg avgang på lufthamnene i Avinor. 2005–2007. Prosent

	2005	2006	2007
Regularitet	97,7	97,8	98,4
Punktleg avgang	84,2	81,6	82,2

og Samferdselsdepartementet er representerte. Gruppa la i 2006 fram ei rettleiing om universell utforming av heile reisekjeda («Kvalitetsplan for hele flyreisen»). Målgruppene for rettleiinga er lufthamnene, flyselskapa og andre aktørar i luftfarten. Rettleiinga låg òg til grunn for den nasjonale minstestandarden for assistenttenester som Samferdselsdepartementet innførde i 2008, jf. omtale i kapittel 3.3.2, men rettleiinga har i tillegg eit noko breiare dekningsområde.

#### 4.1.4 Samfunn og miljø

##### Samfunnsansvar

I kapittel 3.2.2 gav Samferdselsdepartementet ei drøfting av dei tilhøva departementet vil vere oppteke av i eigardialogen med Avinor når det gjeld samfunnsansvar. I § 10-planen har Avinor gjort greie for korleis selskapet følgjer opp desse punkta:

- *Omstillingar*: På byrjinga av 2000-talet opplevde Avinor intern uro i samband med omstillingsprosessar. Leiinga og organisasjonane til dei tilsette har sidan utvikla ein samarbeidsmodell der det blir lagt vekt på at det skal vere eit godt samarbeid med dei tillitsvalde ved omstillingar.
- *Forsking, utvikling og kompetanseoppbygging*: Avinor har ei omfattande FoU-verksemd. Verksemda skal medverke til at Avinor kan levere betre tenester, redusere miljøulempene frå luftfarten og betre omdømmet til næringa.
- *Miljø*: Miljøomsyn er integrert i styringssystemet til Avinor og følgjer prinsippa i ISO 14001. Sjå elles miljøomtala i neste avsnitt.
- *Helse, arbeidsmiljø og tryggleik (HMT)*: HMT er også integrert i styringssystemet til Avinor. Selskapet har utarbeidd eit sett av HMT-prosedyrar i selskapet og HMT er ein del av revisjonsarbeidet.
- *Etikk*: Avinor har utarbeidd eigne etiske retningslinjer. Føremålet med retningslinjene er at alle som opptre på vegner av Avinor, skal oppføre etisk forsvarleg.
- *Arbeidet mot korrupsjon*: Antikorrupsjonsarbeidet i Avinor blir dekt opp gjennom dei etiske retningslinjene.
- *Likestilling*: Noko over 20 prosent av dei tilsette i Avinor er kvinner. Kvinnene er underrepresenterte i leiande stillingar. Avinor vil starte eit program som tek sikte på å rekruttere fleire kvinner til leiande stillingar i selskapet.
- *Integrering og høve til karriere for andre grupper*: Avinor har utvikla eit opplegg som varetek

eldre og personar med redusert funksjonsevne. Selskapet er medvite om å rekruttere personar med minoritetsbakgrunn.

- *Samfunnstryggleik*: Dette feltet er innarbeidd i det omfattande tryggleiksarbeidet som elles går føre seg i Avinor.

##### Miljø

Avinor har som mål at dei negative verknadene på miljøet av luftfarten skal reduserast mest mogleg. På lufthamnene førekjem det utslepp av kjemikalier til grunn mellom anna i samband med avising av fly. Forureiningslova stiller krav om at lufthamnene skal ha utsleppsløyve frå fylkesmannen.

##### Utvikling av reiselivet

Avinor arbeider for å auke trafikken på lufthamnene i konsernet, slik at selskapet skal få inntekter til å løyse dei oppgåvene det er sett til å ta seg av. Avinor gjennomførde i 2006–2007 eit eige prosjekt som skulle vurdere ulike tiltak som kan få fleire utanlandske turistar til å kome til Noreg med fly.

##### Oppfølging av nordområdestrategien til Regjeringa

I 2007 la Avinor fram ein rapport om korleis selskapet kan medverke til å følgje opp nordområdestrategien til Regjeringa. I rapporten peikar Avinor på følgjande prosjekt som kan vere aktuelle innanfor ansvarsområdet til selskapet:

- Fjerning av eit hinder i innflyginga til Kirkenes lufthamn, Høybukthoen
- Mogleg helikopterbase i Aust-Finnmark for å yte tenester til Shtokman-feltet
- Ny lufthamn for Hammerfest

Ingen av desse prosjekta ligg inne i investeringsplanane til Avinor.

#### 4.1.5 Arbeidsmiljø

Ei medarbeidarundersøking i 2007 viste at medarbeidarane var meir nøgde enn i ei tilsvarande undersøking i 2006.

I lønsoppgeret i 2008 vart det streik blant dei tilsette på lufthamnene. Streiken råka passasjerane og førde til økonomisk tap for flyselskapa og Avinor sjølv. Avinor vil utarbeide system og samarbeidsordningar som skal redusere faren for tilsvarande konflikhtar i framtida.



Tabell 4.6 Behov og tilgang på flygeleiarar i Avinor. 2005–2007

	2005	2006	2007
Bemanning pr. 31. desember	480	455	474
Behov	476	530	552

Sjukefråværet auka frå 5,1 prosent i 2005 og 2006 til 5,4 prosent i 2007. Talet på utførde årsverk i Avinor har lege rundt 2 800 i heile perioden.

#### 4.1.6 Flysikringstenesta

##### *Kapasitet og kostnader i flysikringstenesta*

Avinor har i lengre tid mangla flygeleiarar. Dette har ført til at selskapet ikkje alltid har kunna levere dei tenestene brukarane har spurd etter. Bakgrunnen er at Avinor ikkje utdanna nok flygeleiarar på byrjinga av 2000-talet. I ein periode valde dessutan fleire flygeleiarar enn normalt å slutte i Avinor. Tabell 4.6 viser behovet og tilgangen på flygeleiarar i Avinor i perioden 2005–2007.

Flygeleiar mangelen har vorte løyst ved at flygeleiarane har arbeidd mykje overtid. Som følgje av lønsoppgjeret våren 2006 har kostnadene ved overtidsbruken auka, noko som har medverka til at kostnadene i flysikringstenesta har vakse.

I perioden 2005–2007 sette Avinor i verk fleire kortsiktige tiltak for å utnytte den tilgjengelege flygeleiar kapasiteten best mogleg. For å redusere mangelen på lengre sikt har Avinor auka kapasiteten i utdanninga. Utdanninga skjer ved skulen *Entry Point North* i Malmö, som Avinor eig saman med LVF i Sverige og Naviair i Danmark. Skulen vart opna i 2006. I tillegg til den teoretiske utdanninga i Malmö må elevane gjennomgå ei praktisk opplæring ved dei norske einingane der dei skal arbeide. Høvet til å drive praktisk opplæring ved desse einingane set eit tak på utdanningskapasiteten.

##### *Det felleseuropeiske luftrommet*

Flysikringstenesta i Avinor vart sertifisert i tråd med regelverket for det felleseuropeiske luftrom-

met sommaren 2007. Som styresmakt peika Samferdselsdepartementet hausten 2007 ut Avinor som eineleverandør av undervegstenester i Noreg for fem år. Når det gjeld tårntenester, kan departementet tillate at lufthamnene sjølve kan få velje operatør. På bakgrunn av dette vurderer Sandefjord lufthamn, Torp, å skifte ut Avinor som leverandør av tårntenester på si lufthamn.

Som ei følgje av det felleseuropeiske luftrommet er det vorte oppretta ulike samarbeidskonstellasjonar der Avinor deltek. NEAP er eit samarbeid mellom flysikringstenestene i dei nordiske landa – Noreg, Sverige, Danmark, Finland og Island – og dessutan Estland, Latvia og Irland. Saman med dei nordiske landa og Estland arbeider Avinor vidare med å opprette ei eventuell funksjonell luftromsblokk for Nord-Europa, NE-FAB. NORACON er eit anna samarbeid som er retta inn mot teknologiutviklingsprogrammet SESAR, der alle dei nordiske landa i tillegg til Estland, Irland og Austerrike deltek.

#### 4.2 Kommenterar frå Samferdselsdepartementet

Samferdselsdepartementet meiner at Avinor i all hovudsak varetok samfunnsoppdraget, dei samfunnspålagde oppgåvene og samfunnsansvaret på ein god måte i perioden 2005–2007.

Avinor leverte gode resultat på dei fleste område i perioden. Arbeidet med å halde oppe og vidareutvikle flytryggleiken heldt fram, og selskapet hadde samla sett ei god økonomisk utvikling. Samferdselsdepartementet er nøgd med at det interne samarbeidsklimaet i Avinor vart betra, og at det no er ro i selskapet. Departementet stiller seg elles bak dei initiativa Avinor har teke for å medverke i utviklinga av det felleseuropeiske luftrommet.

På den negative sida kjem kapasitetssituasjonen i flysikringstenesta og kostnadsutviklinga i konsernet, som framleis gjev grunn til uro. Noko av kostnadsveksten kan forklarast med reglar som styresmaktene har innført. Avinor har likevel eit sjølvstendig ansvar for å gjennomføre tiltaka på ein mest mogleg effektiv måte.

## 5 Avinors planar for 2008–2010

Dette kapitlet gjer greie for planane og strategiane til Avinor for perioden 2008–2010, slik dei er presenterte i § 10-planen Avinor la fram i 2008, og i seinare tilleggsinformasjon som det er gjort greie for i kapittel 1.1. Kommenterar og vurderingar frå Samferdselsdepartementet følgjer i slutten av kapitlet.

### 5.1 Strategiane til Avinor

#### 5.1.1 Tryggleik

I 2008 medverka Avinor til at det skjedde fem alvorlege luftfartshendingar. Avinor medverka ikkje til noka luftfartsulukke.

Avinor har eit overordna mål om å vidareutvikle flytryggleiken i heile verksemda for å unngå ulukker og alvorlege hendingar. Tryggleikskulturen i selskapet skal haldast oppe og betrast.

#### *Forskrift om utforming av store flyplassar*

Alle lufthamner i Noreg skal ha teknisk-operativ godkjenning frå Luftfartstilsynet med jamne mellomrom. Som følgje av revisjonen av forskrifta om utforming av store flyplassar stiller tilsynet no strengare krav til storleiken på tryggleksområda rundt rullebanene enn tidlegare, jf. omtale i kapittel 3.3.1.

I Avinor var det opphavleg berre Oslo lufthamn, Gardermoen, som oppfylte dei nye krava. 12 andre lufthamner er oppgraderte i tråd med den reviderte forskrifta. Avinor har lagt opp til at resten av lufthamnene skal utbetrast dei neste åra.

I lys av trafikknedgangen og svikten i inntektene som følgje av finanskrisa kjem Avinor til å investere mindre i 2009 enn tidlegare planlagt. Dette har ført til at Avinor har varsla at selskapet mellomens vil utsetje investeringar i tryggleksområde på fem lufthamner (Bergen/Flesland, Sandane/Anda, Kristiansund/Kvernberget, Røst og Tromsø/Langnes). Konsekvensen av dette kan vere at Luftfartstilsynet gjev pålegg om kompenserte tiltak som kan redusere transportstandarden på desse lufthamnene.

På nokre lufthamner må vegane leggjast om. Avinor meiner at eigaren av vegane må ta ein stør-

re del av desse kostnadene, og har teke dette opp med Samferdselsdepartementet.

Lufthamnene Bodø, Andøya/Andenes og Bardufoss er militære lufthamner med ein sivil sektor. På desse lufthamnene er det Forsvaret som har den teknisk-operative godkjenninga, og som står for utbetringane.

#### *Satellittbasert innflygingssystem*

Saman med andre aktørar har Avinor vore med på å utvikle eit satellittbasert innflygingssystem som skal nyttast på kortbaneflyplassane. Systemet vil medverke til at innflygingane på desse lufthamnene blir sikrere, meir effektive og meir miljøvenlege. Systemet vart fyrst teke i bruk på Brønnøysund lufthamn, Brønnøy, i oktober 2007, og skal etter planen vere installert på dei aller fleste kortbaneflyplassane innan utgangen av 2010.

#### *Andre tryggleiksprosjekt*

- *Risikobasert prioritering*: Avinor vil utvikle metodar som vil gjere selskapet betre i stand til å vurdere kva tiltak som betrar flytryggleiken på ein mest effektiv måte.
- *Banerapportering og vinterdrift*: Avinor har gjennomført eit prosjekt for sikker og effektiv drift av lufthamnene om vinteren. Gjennom prosjektet har Avinor fått ei leiande rolle internasjonalt på dette området. Prosjektet skal etter planen vere avslutta innan utgangen av 2009.
- *System for varsling av turbulens*: Saman med fleire aktørar har Avinor utvikla eit system som skal varsle turbulens på ein meir påliteleg måte. Systemet har vore i prøvedrift på nokre flyplassar, og Avinor tek sikte på å ta systemet i bruk på fleire flyplassar når det er endeleg godkjent av Luftfartstilsynet.
- *Kompetansesenter for bakketenester*: Bakketenestene omfattar brann- og redningstenesta, plassvedlikehaldstenesta, elektrottenesta og beredskap mot terror og sabotasje. I 2008 skipa Avinor eit kompetansesenter som skal lære opp dei tilsette på dette området.

- *Nytt trafikkreguleringsystem for Austlandet (Oslo ASAP)*: Prosjektet skal gje større kapasitet og sikrere avvikling av inn- og utflygingane ved Oslo lufthamn, Gardermoen. Prosjektet skal vere ferdig i 2011.
- *Nytt flykontrollsystem (NATCON)*: Systemet medverkar til å betre flytryggleiken og auke kapasiteten i luftrummet. Systemet er tidlegare innført ved Oslo kontrollsentral og Stavanger kontrollsentral. I november 2008 vart det teke i bruk av Bodø kontrollsentral, og er dermed teke i bruk over heile landet.
- *Radarprogrammet (NORAP)*: I fyrste omgang omfattar programmet ti nye radarar som skal vere ferdige innan utgangen av 2012. Programmet vil medverke til å betre tryggleiken og auke kapasiteten i luftrummet.
- *Helikoptertryggleik på norsk kontinentalsokkel*: Gjennom radarprogrammet vil Avinor mellom anna kunne opprette kontrollert luftrum for helikopterflygingar til og frå Ekofisk og Heidrun. Dette er ei oppfølging av tilrådingane frå eit offentleg utval som såg på helikoptertryggleiken på norsk sokkel, jf. NOU 2001: 21 og NOU 2002: 17.
- *Europeisk plan for flytryggleik (ESP)*: Dette er eit europeisk prosjekt i regi av EUROCONTROL. Planen skal medverke til å forbetre og harmonisere arbeidet med flytryggleiken i Europa. EUROCONTROL har sett i verk eit arbeid for å lage ei oppfølging av ESP frå 2010.
- *Beredskap mot terror og sabotasje*: Avinor vil halde fram med å arbeide for at tryggingsskontrollane skal kunne gjennomførast mest mogleg kostnadseffektivt og til minst mogleg ulempe for passasjerane og dei tilsette i luftfarten.

### 5.1.2 Økonomi

#### Økonomiske utsikter

Framtidsutsiktene for økonomien i Avinor heng i stor grad saman med utviklinga i flytrafikken som igjen er avhengig av den generelle økonomiske

utviklinga i samfunnet. Sjå kapittel 3.1.1 for prognosar for trafikkutviklinga dei neste åra.

Tabell 5.1 viser rekneskapa for Avinor for 2008 og ein prognose for perioden 2009–2013. Det er verdt å merke seg at frå og med 2008 har Avinor gått over til den såkalla IFRS-rekneskapsstandard, slik at tala i tabell 5.1 ikkje utan vidare kan samanliknast med tala i tabell 4.2.

I 2008 voks inntektene med ti prosent. Prognosen reknar med ein inntektsnedgang på seks prosent i 2009. For 2010 og 2011 viser prognosen ei moderat utvikling, medan inntektene vil ta seg opp att i 2012.

Dei kommersielle inntektene utgjorde 43 prosent av dei totale inntektene i 2008. Avinor har som mål at desse inntektene skal vekse 50 prosent snøggare enn talet på passasjerar i åra som kjem. For å nå dette målet vil Avinor vurdere nye forretningsområde og auke satsinga på eigeidomsutvikling på lufthamnene.

I utgangspunktet er kostnadene i Avinor i stor grad faste og uavhengige av flytrafikken. I tillegg påverkar ulike pålegg frå styresmaktene kostnadene. Kostnadsveksten i Avinor var høg i 2008. Dette kan delvis forklarast ved at Avinor tok over ansvaret for å gje assistanse til passasjerar med redusert funksjonsevne dette året, og ved at Avinor skreiv under på nye kontraktar for tryggingsskontrollane på lufthamnene.

For perioden 2008–2013 viser prognosane ein gjennomsnittleg kostnadsauke på rundt seks prosent i året. I § 10-planen viser Avinor til at kostnadene i selskapet veks for snøgt. Avinor har no sett i verk eit resultatforbetningsprogram, der målet er å redusere kostnadene og auke inntektene, slik at resultatet blir betra med rundt 300 millionar kroner. Ingen tilsette skal seiast opp i samband med dette programmet.

I 2008 fekk Avinor eit driftsresultat før skatt på 1,4 milliardar kroner. Prognosen viser låge resultatet i perioden 2009–2011, og fyrst i 2012 og 2013 vil ein igjen kunne sjå resultat på høgde med det ein har sett dei siste åra.

Tabell 5.1 Økonomiske nykeltal for Avinor. Rekneskap 2008 og prognosar 2009–2013. Mill. kr

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Driftsinntekter	7 384	6 913	7 169	7 715	8 444	9 507
Driftskostnader	6 016	6 528	6 927	7 424	7 472	8 187
Driftsresultat	1 368	385	242	291	972	1 320
Årsresultat*	765	173	-5	99	549	684

\* Årsresultat er lik driftsresultat minus finansresultat minus skattekostnad

### Investeringar

I 2008 investerte Avinor for 2,6 milliardar kroner. Mellom anna vart det i august 2008 opna eit nytt terminalbygg på Brønnøysund lufthamn, Brønnøy, og i desember 2008 vart nye pirar tekne i bruk ved Stavanger lufthamn, Sola.

Investeringane i Avinor har auka dei siste åra. Bakgrunnen har vore veksten i trafikken – som har ført til behov for ny kapasitet, nye tryggleiks-krav frå styresmaktene og eit generelt etterslep i vedlikehaldet.

Samla sett ser Avinor for seg eit investeringsbehov på 20–25 milliardar kroner i perioden 2010–2019. Når trafikkveksten tek seg opp att, vil det bli behov for å auke kapasiteten på dei største lufthamnene. Det største einskildprosjektet det neste tiåret vil vere ein ny terminal 2 ved Oslo lufthamn, Gardermoen, men det trengst òg større kapasitet på dei andre store lufthamnene i konsernet, dvs. Stavanger/Sola, Bergen/Flesland og Trondheim/Værnes.

På Kristiansund/Kvernberget og Kristiansand/Kjevik er det behov for nye terminalbygg. Elles trengst det utbetringar av tårna på 10–12 av dei regionale lufthamnene. Investeringsbehova på lufthamnene er også omtala i Nasjonal transportplan 2010–2019, jf. St.meld. nr. 16 (2008–2019) og Innst. S. nr. 300 (2008–2009).

Forskrifta om utforming av store flyplassar krev vesentlege investeringar dei neste åra. Tabell 5.2 viser gjennomførde og planlagde investeringar knytte til krava i forskrifta, fordelt på dei regionale lufthamnene og resten av lufthamnene.

Til saman vil forskrifta krevje investeringar for rundt 2,6 milliardar kroner. Omtrent halvparten av summen vil vere knytt til dei regionale lufthamnene. Ved utgangen av 2008 hadde Avinor investert nær 700 millionar kroner i prosjektet, og det

Tabell 5.2 Forskrift om utforming av store flyplassar. Investeringar 2005–2008 og prognosar 2009–2013. Mill. kroner

	Regionale Lufthamner	Andre lufthamner	Til saman
Investeringar 2005–2008	579	83	662
Investeringar 2009–2013 (prognosar)	778	1 203	1 981
Planlagde investeringar 2005–2013	1 357	1 286	2 643

står att å investere i underkant av to milliardar kroner til.

Viktige investeringsprosjekt i flysikringsdivisjonen er det nye innflygingssystemet for Austlandet (Oslo ASAP), det nye flykontrollsystemet (NATCON), radarprogrammet (NORAP) – jf. omtala av desse prosjekta i kapittel 5.1.1 – og prosjekt som følgjer av Noregs plikter innanfor det felleseuropeiske luftrommet.

Avinor må tilpasse dei årlege investeringane i konsernet til den økonomiske situasjonen i selskapet. Avinor har teke til å utarbeide langsiktige investeringsplanar. Investeringsplanen for perioden 2009–2013 vart vedteken i august 2008.

Finanskrisa har endra føresetnadene for planen, både ved at finansieringsevna til selskapet er redusert, og ved at nedgangen i trafikken har ført til at behovet for å auke kapasiteten ikkje lenger er like påtrengjande. Våren 2009 reduserte såleis Avinor dei planlagde investeringane i 2009 med 400 millionar kroner, frå 3,1 til 2,7 milliardar kroner. Dette har mellom anna ført til at Avinor har varsla at selskapet mellombels vil utsetje investeringar på fem lufthamner som skal oppgraderast i tråd med forskrifta om utforming av store flyplassar, jf. kapittel 5.1.1.

### Lokal finansiering

I nokre få tilfelle har lokale private aktørar eller kommunar vore med og finansiert mindre utbyggingar på lufthamnene i Avinor.

### 5.1.3 Kundar

#### Tenestekvalitet

Avinor vil vurdere om avtalene mellom Avinor og flyselskapa om tenestekvalitet («Service level agreements (SLA)») skal gjerast meir forpliktande for partane.

Saman med dei største flyselskapa og selskapa som driv med bakkehandtering («handling»), har Avinor sett i gang eit prosjekt der målet er å redusere talet på forseinkingar.

#### Tilkomst

Avinor overtok frå 1. juli 2008 ansvaret for å tilby assistanse til flypassasjerar med redusert funksjonsevne, og selskapet vil setje i verk tiltak som er naudsynte for å oppfylle den nye nasjonale kvalitetsstandard på området, jf. kapittel 3.3.2.

Avinor vil elles leggje krava til universell utforming til grunn for alle nybygg og ombyggingar på



lufthamnene sine i tråd med den nye diskriminerings- og tilkomstlova, jf. kapittel 3.6. Avinor er i ferd med å greie ut kva den nye lova konkret vil ha å seie for selskapet.

#### 5.1.4 Samfunn og miljø

##### *Miljø*

Avinor ynskjer å medverke til å redusere miljøulempene frå luftfarten gjennom tiltak i si eiga verksemd og ved å vere ein pådrivar og samarbeidspartnar, slik at heile næringa oppnår best mogleg resultat samla sett.

Saman med flyselskapa la Avinor i 2008 fram ein rapport om berekraftig og samfunnsnyttig luftfart. Rapporten konkluderer med at det fram mot 2020 er mogleg å oppnå tilnærma nullvekst i klimagassutsleppa frå flydrivstoff som blir selt i Noreg, sjølv om trafikken held fram med å vekse. Det tiltaket som vil gje størst effekt, er dei planlagde utskiftingane av flyflåten i flyselskapa. Det er òg ein del å vinne med tiltak på dagens flyflåte.

Eit viktig tiltak i flysikringstenesta er såkalla grøne landingar og avgangar, som Avinor starta eit prøveprosjekt med i 2008. Vidare vil redusert taksing på rullebanene og det nye trafikkreguleringssystem for Austlandet (Oslo ASAP) medverke til å redusere drivstofforbruket. Lovgjevingspakka om det felleseuropeiske luftrommet skal føre til at flya kan velje meir direkte ruter og dermed redusere klimagassutsleppa.

Avinor vil elles leggje om drifta av lufthamnene i retning av klimanøytral drift gjennom bruk av fjernvarme og andre tiltak.

Avinor har òg som mål å medverke til å auke kollektivdelen i transporten til og frå lufthamnene sine. Kollektivdelen ved Oslo lufthamn, Gardermoen, har i lengre tid lege i området rundt 60 prosent. Dette er heilt i verdstoppen, men Avinor har som mål at talet skal aukast til 70 prosent. Trondheim lufthamn, Værnes, ligg òg relativt godt an med ein kollektivdel på rundt 40 prosent. Bergen lufthamn, Flesland, med rundt 20 prosent, og Stavanger lufthamn, Sola, med rundt 10 prosent, ligg dårlegare an, og målet for Avinor er å auke talet til rundt 30 prosent på begge desse lufthamnene.

##### *Utvikling av reiselivet*

I perioden 2007–2009 deltek Avinor i eit samarbeid med mellom anna Innovasjon Noreg, som skal medverke til å trekkje fleire turistar til Noreg. Prosjektet har ei totalramme på 110 millionar kroner, og Avinor medverkar med 30 millionar kro-

ner. Samarbeidet har mellom anna ført til at det er oppretta ei direkte flyrute mellom Tromsø og London.

I eit anna prosjekt arbeider Avinor med å få flyselskapa til å opprette direkteruter til Asia og Australia. Målet er å trekkje fleire turistar frå desse områda til Noreg. Dette prosjektet blir òg gjennomført i samarbeid med Innovasjon Noreg.

#### 5.1.5 Arbeidsmiljø

Avinor er ei IA-verksemd. I tråd med måla for IA-verksemdene arbeider Avinor for å redusere sjukefråveret, auke pensjonsalderen og integrere personar med nedsett funksjonsevne. Sjukefråveret gjekk ned frå 5,4 prosent i 2007 til 4,9 prosent i 2008. Måлтаlet for IA-verksemd er 4,5 prosent.

#### 5.1.6 Flysikringstenesta

##### *Kapasitet og kostnader i flysikringstenesta*

I perioden 2005–2007 byrja Avinor å utdanne fleire flygeleiarar. Verknadene av dette tok til å merkast ved årsskiftet 2008–2009. Elles ser det ut til at nesten alle flygeleiarane som slutta i Avinor i ein periode, vil vere attende i selskapet innan utgangen av 2009.

Framskrivningar frå Avinor viser at bemanninga vil vere «rimeleg robust» innan utgangen av 2012. Full dekning vil ifølgje Avinor fyrst vere mogleg ved årsskiftet 2013–2014. Avinor vil i mellomtida prøve å halde oppe kapasiteten gjennom bruk av overtid, slik at konsekvensane for brukarane, dvs. flyselskapa og Forsvaret, skal bli minst mogleg.

For å spare kostnader i flygeleiarutdanninga arbeider Avinor med å leggje utdanninga ut på anbod.

##### *Det felleseuropeiske luftrommet*

Avinor har som mål at skipinga av ei eventuell funksjonell luftromsblokk i Nord-Europa skal medverke til lågare kostnader og lågare prisar for brukarane. I 2009 skal samarbeidspartnarane i NEFAB gjennomføre ein løysingsstudie for den nordeuropeiske luftromsblockka. Innføringa av ei eventuell funksjonell luftromsblokk krev tiltak frå styresmaktene. Avinor viser til at det er behov for ei samordning mellom tenesteleverandørane og dei sivile og dei militære styresmaktene i dei landa som tek del i samarbeidet.

Målet til Avinor med å ta del i teknologiutviklingsprogrammet SESAR er å kunne påverke den teknologiske utviklinga og sikre konkurran-

seevna til Avinor. Under leiing av LFV i Sverige skal NORACON-gruppa delta med eit konkret utviklingsprosjekt i SESAR-programmet, jf. kapittel 4.1.6.

#### *Talet på kontrollsentralar*

Styret i Avinor vedtok i 2004 at Oslo kontrollsentral i Røyken skulle leggjast ned innan 2008. Kontrollsentralen har to funksjonar, undervegskontrollen for Aust-Noreg og innflygingskontrollen for lufthamnene på Austlandet. I vedtaket frå 2004 låg det at undervegskontrollen skulle slåast saman med Stavanger kontrollsentral til ein felles kontrollsentral for Sør-Noreg, og at innflygingskontrollen skulle flyttast til Gardermoen. I 2006 vedtok styret at flyttinga skulle utsetjast til 2011–2012, jf. St. meld. nr. 15 (2006–2007) og Innst. S. nr. 142 (2006–2007).

Føresetnadene for flyttinga av innflygingskontrollen til Gardermoen har endra seg, og Avinor vil no ikkje gjennomføre denne flyttinga. Vedtaket om at undervegskontrollen skal flyttast til Stavanger ligg fast, og Avinor gjorde våren 2009 eit vedtak der selskapet valde konsept for den nye kontrollsentralen for Sør-Noreg i Stavanger.

#### *Organisering av flygeinformasjonstenesta*

I Avinor er flygeinformasjonstenesta (AFIS) organisert i divisjonen for regionale lufthamner. I rapporten som låg til grunn for evalueringa som Samferdselsdepartementet gjennomførde i 2006 av tilknytingsforma og organisering av Avinor, vart det peika på at i andre land ville flygeinformasjonstenesta ha lege i flysikringsdivisjonen. Sjå den førre eigarmeldinga for ein nærare gjennomgang av evalueringa, jf. St. meld. nr. 15 (2006–2007) og Innst. S. nr. 142 (2006–2007).

På bakgrunn av dette vedtok styret i Avinor å sjå nærare på organiseringa av flygeinformasjonstenesta. Ein rapport om dette vart lagd fram i 2008. Styret i Avinor har førebels ikkje teke endeleg stilling til dette spørsmålet.

## **5.2 Kommenterar frå Samferdselsdepartementet**

### **5.2.1 Tryggleik**

Regjeringa har som visjon at det ikkje skal skje ulukker med alvorleg skadde eller drepne i transportsektoren, den såkalla nullvisjonen. I luftfarten er nullvisjonen langt på veg ein realitet. Dette vi-

ser at det langsiktige arbeidet med å forbetre flytryggleiken har gjeve resultat. Samferdselsdepartementet vil understreke at det er viktig at dette arbeidet held fram.

Samferdselsdepartementet vil vidare understreke at det er viktig at tryggingkontrollane på lufthamnene blir gjennomførde mest mogleg kostnadseffektivt og til minst mogleg ulempe for passasjerane og dei tilsette i luftfarten.

#### *Forskrift om utforming av store flyplassar*

For Samferdselsdepartementet er det viktig at investeringar knytte til forskrifta om utforming av store flyplassar blir gjennomførde som planlagt.

Avinor har varsla at selskapet mellombels vil utsetje utbetringar i tilknytning til forskrifta på fem lufthamner (Bergen/Flesland, Sandane/Anda, Kristiansund/Kvernberget, Røst og Tromsø/Langnes). Konsekvensen av dette kan vere at Luftfartstilsynet gjev pålegg om kompensierende tiltak som kan redusere transportstandarden på desse lufthamnene.

Tiltakspakka skal medverke til at dei investeringane som Avinor har varsla vil bli utsette, kan gjennomførast.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at Avinor balanserer omsynet til å gjere bedriftsøkonomisk lønsame investeringar som medverkar til å sikre ei berekraftig økonomisk utvikling i selskapet på lang sikt, mot bedriftsøkonomisk ulønsame investeringar i tryggleikstiltak som er viktige for å halde ved lag dagens transportstandard.

Som ein del av tiltakspakka overfor Avinor, jf. kapittel 1.1, vil Regjeringa fremje ein proposisjon med framlegg om eit ekstraordinært tilskot til Avinor på 150 millionar kroner i 2009 knytt til gjennomføring av særskilde tryggleikstiltak, jf. St.prp. nr. 91 (2008–2009). Saman med dei andre tiltaka i pakka og den nye utbytepolitikken skal tilskotet medverke til at Avinor kan gjennomføre naudsynne tryggleiksinvesteringar.

Samferdselsdepartementet legg elles til grunn at krava i forskrifta om store flyplassar blir gjennomførde på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte, og på ein måte som tek omsyn til måla ovanfor.

I den førre eigarmeldinga vart det presisert at Avinor ikkje mellombels kan stengje eller redusere opningstidene vesentleg på ei lufthamn utan å ta dette opp med Samferdselsdepartementet, jf. St.meld. nr. 15 (2006–2007) og Innst. S. nr. 142 (2006–2007). Samferdselsdepartementet vil i denne meldinga også presisere at Avinor heller ikkje kan gjere vedtak som kan føre til at transportstan-



darden blir vesentleg redusert på andre måtar på ei lufthamn, utan å ta dette opp med Samferdselsdepartementet.

Samferdselsdepartementet ser det som naturleg at investeringar knytte til tryggleik skal prioriterast høgt.

I dei tilfella der vegar må leggjast om, er det tiltakshavaren – i denne samanhengen Avinor – som må bere kostnadene. Nye vegar skal byggjast etter den vegnormalen som gjeld i dag. Ofte fører dette til høgare standard på den nye vegen. I tilfelle der Statens vegvesen er vegeigar, og der vegvesenet ville ha utbetra vegen i nær framtid, meiner Samferdselsdepartementet at Statens vegvesen og lufthamna bør samarbeide om finansieringa.

#### *Satellittbasert innflyging på kortbaneplassane*

I Soria Moria-erklæringa har Regjeringa slått fast at betre innflygingsutstyr skal sikre best mogleg tryggleik og regularitet på kortbaneflyplassane. For Samferdselsdepartementet er det viktig at dette prosjektet blir gjennomført som planlagt.

I innbydinga til anbod på regionale ruteflygingar som vart lyst ut i oktober 2008, stilte Samferdselsdepartementet krav om at selskap som flyg på flyplassar som har installert satellittbasert innflygingssystem, skal kunne nytte dette systemet.

### **5.2.2 Økonomi**

#### *Økonomiske utsikter*

Som følgje av den internasjonale finanskrisa vil Avinor måtte rekne med å få færre passasjerar og lågare inntekter dei neste åra enn tidlegare rekna med. Kombinert med kostnadsvekst vil dette svekkje resultatata i konsernet i tida som kjem.

Samferdselsdepartementet er uroa over kostnadsutviklinga i Avinor. Departementet tek i denne samanhengen sikte på å gjennomføre eit prosjekt som skal samanlikne kostnadseffektiviteten i Avinor med andre leverandørar.

Departementet har merka seg at Avinor tek kostnadsutviklinga alvorleg, og er nøgd med at selskapet vil setje i verk tiltak for å betre resultatet i selskapet. Departementet stiller seg i denne samanhengen positivt til at Avinor vil arbeide for å auke dei kommersielle inntektene på lufthamnene. Når det gjeld parkeringsverksemda, må likevel ikkje arbeidet med å utvikle dette forretningsområdet gå på kostnad av arbeidet med å auke kollektivdelen i transporten til og frå lufthamnene.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at tiltakspakka for Avinor og den nye utbyttepolitik-

ken, som blir presenterte i samband med denne meldinga, jf. kapittel 1.1, vil medverke til å betre den økonomiske situasjonen for selskapet. Utviklinga i flytrafikken og økonomien i Avinor er likevel usikker, og departementet vil følgje den økonomiske situasjonen i Avinor nøye i tida framover.

#### *Investeringar*

Stort investeringsbehov og utfordringar med å skaffe finansiering til investeringane har i lengre tid vore ei hovudutfordring for Avinor. På den eine sida har den internasjonale finanskrisa forsterka desse utfordringane ved at inntektene til Avinor har gått ned. På den andre sida har krisa endra føresetnadene for trafikkutviklinga, slik at behovet for å investere i auka kapasitet ikkje lenger er like påtrengjande som tidlegare.

Tryggleikskrava frå styresmaktene blir ikkje endra av finanskrisa. Som det er vist til tidlegare, står Avinor difor overfor krevjande investeringsavgjerder i tida framover, der selskapet må balansere omsynet til å gjere bedriftsøkonomisk lønsame investeringar som medverkar til å sikre ei berekraftig økonomiske utvikling i selskapet på lang sikt, mot bedriftsøkonomisk ulønsame investeringar i tryggleikstiltak som er viktige for å halde ved lag dagens transportstandard. Samferdselsdepartementet legg til grunn at pålegg frå Luftfartstilsynet blir følgde opp.

Samferdselsdepartementet legg vidare til grunn at tiltakspakka og den nye utbyttepolitikken, som blir presenterte i samband med denne meldinga, vil styrkje investerings- og finansieringsevna til Avinor, og medverke til at Avinor kan gjennomføre naudsynte tryggleiksinvesteringar. Utviklinga i flytrafikken og økonomien i Avinor er likevel usikker, og Samferdselsdepartementet vil følgje utviklinga i investeringane i Avinor nøye i tida framover.

Samferdselsdepartementet føreset elles at Avinor har ein god dialog med brukarane i arbeidet med investeringsplanane.

#### *Lokal finansiering*

I utgangspunktet er det eit statleg ansvar å finansiere infrastrukturen innanfor Avinor. Samferdselsdepartementet finn det likevel positivt at lokale private aktørar og kommunar i einskilde tilfelle kan vere med på å finansiere mindre utbyggingsprosjekt i Avinor. For departementet er det ein føresetnad at slike prosjekt ikkje blir prioriterte på

kostnad av prosjekt som det er viktigare for Avinor og samfunnet å få gjennomført.

Samferdselsdepartementet vil elles peike på at dersom eit prosjekt inneber ei privatisering av verksemda, skal saka leggjast fram for samferdselsministeren i tråd med § 10 i vedtektene.

### 5.2.3 Kundar

#### *Tenestekvalitet*

Avinor er nærast eineleverandør både av lufthamntenester og flysikringstenester i Noreg, og kundane har få andre alternativ å gå til dersom dei er misnøgde med tenestene frå selskapet.

Avinor bør difor ha ein god dialog med brukarane og vere lydhøyr overfor ynske frå kundane. Viktige tiltak i denne samanhengen er det arbeidet Avinor har sett i verk for å gjere trafikken meir punktleg, brukarundersøkingane, konsultasjonsordningane og arbeidet med avtalene om tenestekvalitet («Service level agreements (SLA)»). Dette er område som Samferdselsdepartementet vil vere særleg oppteke av å følgje opp i eigardialogen med Avinor.

#### *Tilkomst*

Regjeringa er oppteke av at alle skal ha lik rett til deltaking i samfunnet. Styresmaktene vil sjå til at Avinor og dei andre lufthamneigarane i Noreg følgjer opp krava i den nye diskriminerings- og tilkomstlova, og likeins forsikre seg om at lufthamnene oppfyller krava i minstestandarden for assistenttenester til flypassasjerar med redusert funksjonsevne.

Spørsmålet om rettane til passasjerar med redusert funksjonsevne er også noko Samferdselsdepartementet vil følgje opp som forvaltar av den statlege eigarskapen til Avinor. Departementet vil i denne samanhengen peike på at det er viktig at organisasjonane som representerer personar med redusert funksjonsevne, blir trekte inn i planprosessane på eit tidleg tidspunkt ved nybygg og ombyggingar, slik at dei løysingane som blir valde, i størst mogleg grad kan ta omsyn til behova til flest mogleg av dei reisande.

Likestillings- og diskrimineringsombodet er elles i ferd med å vurdere om den nye innanlands-terminalen på Stavanger lufthamn, Sola, som er bygd utan gangbruer, er i strid med den nye diskriminerings- og tilkomstlova. Som styresmakt for luftfarten har Samferdselsdepartementet på si side sett i gang ein prosess i samråd med Barne- og likestillingsdepartementet for å vurdere om sektorlovgevinga på luftfartsområdet kjem måla i

diskriminerings- og tilkomstlova i møte. I dette arbeidet vil også organisasjonane som representerer personar med redusert funksjonsevne bli involverte, og alle partar i saka vil bli høyrde.

### 5.2.4 Samfunn og miljø

Samferdselsdepartementet har merka seg arbeidet Avinor gjer for å redusere klimagassutsleppa frå næringa. Departementet har likeeins merka seg ambisjonane Avinor har for å auke kollektivdelen i transporten til og frå lufthamnene, og er nøgd med at selskapet har fastsett konkrete mål for kollektivdelen på dei største lufthamnene. Departementet legg til grunn at Avinor samarbeider med lokale styresmakter for å oppnå desse måla, og at arbeidet for å betre kollektivtilbodet omfattar alle lufthamnene.

Som det er vist til i kapittel 3.3.3, vil Samferdselsdepartementet elles be Avinor om å greie ut om det er mogleg å differensiere lufthamnavgiftenne etter miljøeigenskapane til flya, mellom anna når det gjeld støy.

Samferdselsdepartementet har vidare merka seg det arbeidet Avinor tek del i for å vidareutvikle reiselivsnæringa i Noreg. Departementet vil vise til at reiselivet er ei viktig næring for Noreg, særleg for distrikta, og at ei styrking av denne næringa vil medverke både til regional utvikling og til å gje inntekter til landet. Departementet er oppteke av at Avinor skal vidareføre og styrkje dette arbeidet.

Avinor har peika ut fjerning av eit hinder i innflyginga til Kirkenes lufthamn, Høybuktnoen, som eit mogleg tiltak i oppfølginga av nordområdestategien til Regjeringa. I St.meld. nr. 16 (2008–2009) *Nasjonal transportplan 2010–2019*, jf. Innst. S. nr. 300 (2008–2009), er det vist til at Avinor har sett i gang ei nærare utgreiing av dette prosjektet, og at Regjeringa vil kome attende til saka når det ligg føre eit tilstrekkeleg grunnlag for å ta ei avgjerd.

### 5.2.5 Arbeidsmiljø

Samferdselsdepartementet vil vise til at det arbeidet Avinor gjer for å redusere sjukefråveret, auke pensjonsalderen og integrere personar med nedsett funksjonsevne, er i tråd med dei overordna måla for arbeidsmarknadspolitikken til Regjeringa.

### 5.2.6 Flysikringstenesta

#### *Kapasitet og kostnader i flysikringstenesta*

Samferdselsdepartementet registrerer at det framleis vil vere mangel på flygeleiarar i fleire år

framover. Departementet er uroa over konsekvensane for brukarane, særleg når det gjeld kostnadene ved å nytte tenestene. Det er viktig at Avinor arbeider for at flysiringstenesta blir drive på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte, slik at Avinor over tid ikkje har ei anna prisutvikling på dette området enn andre land.

I eigardialogen med Avinor vil Samferdselsdepartementet følgje opp spørsmåla rundt kapasiteten og kostnadene i flysiringstenesta for å sikre seg at arbeidet med desse områda blir gjeve høg prioritet.

Som styresmakt har Samferdselsdepartementet gjennom lovgjevingspakka for det felleseuropeiske luftrommet elles fått nye verkemiddel til å følgje opp flysiringstenestene på dette området. I utpeikingsvedtaket frå 2007, jf. kapittel 4.1.6, stilte Samferdselsdepartementet krav til både omfanget og kvaliteten på dei flysiringstenestene Avinor skal levere, og utarbeidde rutinar for korleis krava skal følgjast opp. Vidare skal det i «Single European Sky II» utviklast insentivordningar for å sikre ei effektivisering av undervegstenestene innanfor det felleseuropeiske luftrommet, jf. kapittel 3.3.2.

#### *Det felleseuropeiske luftrommet*

Samferdselsdepartementet stiller seg bak dei initiativa Avinor har teke for å medverke i utviklinga av funksjonelle luftromsblokker og utviklinga av ny teknologi gjennom SESAR-programmet.

Departementet legg til grunn at ei skiping av ei eventuell nordeuropeisk funksjonell luftromsblokk vil medverke til ei meir effektiv drift av flysiringstenestene, lågare prisar for brukarane og

reduisert vekst i klimagassutsleppa frå luftfarten. Styresmaktene i dei landa som deltek i NEFAB-samarbeidet, har skipa eit samarbeidsforum der føremålet er å koordinere naudsynte tiltak frå styresmaktene si side.

Regjeringa vil vere med på å leggje tilhøva til rette for at norske bedrifter, medrekna Avinor, kan ta del i teknologiutviklingsprogrammet SESAR. Dette er viktig både for å sikre næringsutvikling i Noreg, og for å sikre at den nye teknologien tek omsyn til tilhøva i Noreg. Hovudtilnærminga frå Regjeringa er å stille midlar til disposisjon for norske føretak gjennom relevante forskingsprogram i regi av Noregs forskingsråd. Dette er midlar som Avinor også eventuelt kan søkje om å få.

#### *Talet på kontrollsentralar*

For Samferdselsdepartementet er hovudmålet at flysiringstenesta blir driven på ein sikker og effektiv måte. Avinor har ansvaret for å organisere tenesta slik at desse måla blir nådde.

Samferdselsdepartementet tek til etterretning at Avinor no ikkje vil flytte innflygingskontrollen for Austlandet frå Røyken til Gardermoen. For departementet er det viktig at Avinor held fram arbeidet med å flytte undervegskontrollen for Aust-Noreg frå Røyken til Stavanger.

#### *Organisering av flygeinformasjonstenesta*

Samferdselsdepartementet legg til grunn at det er opp til styret og leiinga i Avinor å avgjere kvar flygeinformasjonstenesta skal plasserast i organisasjonen.

## 6 Finansielle spørsmål

I dette kapitlet blir det sett nærare på dei finansielle spørsmåla avkastningsmål, verdivurdering, finansiell stilling og utbyte. Kapitlet byggjer mellom anna på dei to rapportane frå Ernst & Young som er omtala i kapittel 1.1.

### 6.1 Avkastningsmål

Generelt blir avkastningsmålet nytta til å vurdere om eigaren får den same avkastninga på kapitalen som er investert i eit selskap, som ved å investere i tilsvarende verksemdar i same næringa. Dersom avkastninga ligg under avkastningsmålet, er dette eit signal om at selskapet ikkje blir drive effektivt nok. For eit selskap som Avinor, som er pålagt å utføre ei rekkje bedriftsøkonomisk ulønnsame oppgåver, kan låg avkastning òg vere eit signal om at selskapet ikkje blir kompensert tilstrekkeleg for desse oppgåvene.

Reint praktisk blir avkastningsmålet for Avinor rekna ut som den risikofrie renta pluss eit tillegg for risikoen ved å plassere midlane i internasjonal lufthamndrift. I samband med skipinga av Avinor i 2003 vart det rekna ut eit avkastningsmål på eigenkapitalen etter skatt på 10,3 prosent. I den førre eigarmeldinga vart målet redusert til 9,7 prosent.

I rapporten frå september 2008 føreslår Ernst & Young eit avkastningsmål på 10,4 prosent av eigenkapitalen etter skatt. Dette er noko høgare enn tidlegare. Hovudårsaka er at den risikofrie renta var høgare i juni 2008 enn i oktober 2006 då det sist vart rekna på avkastningsmålet.

Tabell 6.1 viser avkastningsmålet og faktisk avkastning på eigenkapitalen i Avinor etter skatt for perioden 2003–2008. I perioden har avkastninga auka, men ligg framleis under målet. Årsaka til veksten er at Avinor har fått fleire passasjerar utan

at det har vore behov for å auke kapasiteten i same grad. I tida framover står selskapet overfor store investeringar, samstundes som utviklinga i passasjertalet er uviss. Ein må difor rekne med at avkastninga kjem til å gå ned att. Det er såleis rimeleg å tru at Avinor ikkje kjem til å nå det avkastningsmålet som Ernst & Young har føreslått.

#### *Vurderinga til Samferdselsdepartementet*

Generelt vil Samferdselsdepartementet vise til at avkastningsmålet gjev eit viktig signal til eigaren og leiinga om eit føretak blir drive effektivt nok. Som aksjeselskap bør Avinor styrast etter sunne bedriftsøkonomiske prinsipp. I dette ligg det at selskapet bør ha rammevilkår som gjer det mogleg for selskapet å nå det avkastningsmålet eigaren har sett på den kapitalen som er skoten inn i selskapet.

Avinor har ikkje nådd det avkastningsmålet som eigaren har stilt fram til no, og det er rimeleg å tru at Avinor ikkje kjem til å nå det avkastningsmålet som Ernst & Young har føreslått. Dette kan tyde på at Avinor ikkje blir kompensert tilstrekkeleg for dei bedriftsøkonomisk ulønnsame oppgåvene selskapet er pålagt. På den andre sida kan ein stille spørsmål ved om det er riktig at staten skal krevje den same avkastninga frå dei regionale lufthamnene som frå resten av lufthamnene i selskapet. Dette er eit spørsmål Samferdselsdepartementet vil greie ut nærare.

### 6.2 Verdivurdering

I samband med skipinga av Avinor AS 1. januar 2003 skaut staten inn ein eigenkapital på 7,4 milliardar kroner i det nye selskapet.

Tabell 6.1 Avkastningsmål og faktisk avkastning på eigenkapitalen. 2003–2008. Prosent

	2003	2004	2005	2006	2007	2008*
Avkastningsmål	-	10,3	10,3	9,7	9,7	9,7
Faktisk avkastning*	-8,1	6,7	5,4	5,8	8,5	8,3

\* Ny rekneskapsstandard (IFRS) fom. 2008. Tala for 2008 kan ikkje direkte samanliknast med tidlegare tal.



Tabell 6.2 viser tal frå balansen og kontantstraumen i Avinor for perioden 2003–2008. Av tabellen ser ein at det har vore ei positiv utvikling i den bokførde eigenkapitalen sidan selskapet vart skipa. Nye verdsetjingsreglar som følgje av at Avinor gjekk over til IRFS-rekneskapsstandarden frå og med 2008, forklarar noko av auken frå 2007 til 2008.

Verdien av den bokførde eigenkapitalen skal avspegle marknadsverdien av eigenkapitalen. Dersom det blir store avvik mellom den bokførde verdien og marknadsverdien av eigenkapitalen, kan dette gje grunnlag for å skrive ned den bokførde eigenkapitalen.

Når det gjeld eit børsnotert selskap, får ein informasjon om marknadsverdien av eigenkapitalen gjennom aksjekursen. Når det gjeld selskap som ikkje er noterte på børsen, slik som Avinor, er ein nøydd til å rekne ut marknadsverdien gjennom ei såkalla verdivurdering.

Den fyrste verdivurderinga av Avinor vart gjort i samband med den førre eigarmeldinga, jf. St.meld. nr. 15 (2006–2007) og Innst. S. nr. 142 (2006–2007). Vurderinga viste at eigenkapitalen i Avinor hadde ein marknadsverdi på 8,3 milliardar kroner ved utgangen av 2005. Verdivurderinga frå Ernst & Young frå september 2008 viser den same kroneverdien ved utgangen av 2007, dvs. 8,3 milliardar kroner.

Ernst & Young-rapporten frå mars 2009 tydde på at det kunne vere grunnlag for å skrive ned eigenkapitalen som følgje av verknadene den internasjonale finanskrisa ville få på økonomien i Avinor. I samband med utarbeidinga av årsrekneskapsrapporten for 2008 har Avinor vurdert dette spørsmålet. Mellom anna som følgje av at Avinor no planlegg å investere mindre, meiner Avinor at det ikkje er grunnlag for å skrive ned eigenkapitalen.

### Vurderinga til Samferdselsdepartementet

Samferdselsdepartementet vil vise til at det er ei krevjande oppgåve å rekne ut marknadsverdien av ikkje-børsnoterte selskap. I stor grad vil den verdien som blir rekna ut, hange saman med dei føresetnadene som blir lagde til grunn for vurderinga.

Samferdselsdepartementet er nøgd med at Avinor ikkje har funne grunn til å skrive ned verdien av eigenkapitalen i selskapet, mellom anna fordi storleiken på eigenkapitalen er viktig for kva for lånevilkår selskapet vil oppnå i den private marknaden.

## 6.3 Finansiell stilling

Avinor hadde ei langsiktig renteberande gjeld på 6,2 milliardar kroner ved utgangen av 2008. Gjelda var i all hovudsak knytt til eit lån som staten ytte til Oslo Lufthavn AS i samband med utbygginga av Oslo lufthamn, Gardermoen. Dei årlege avdraga på dette lånet utgjer 388,8 millionar kroner. På det same tidspunktet hadde Avinor kontantar og bankinnskot verde 53 millionar kroner. Behaldninga av kontantar og bankinnskot har vorte redusert dei siste åra som følgje av auken i investeringane.

Med unntak av Gardermoen-utbygginga har Luftfartsverket og seinare Avinor tradisjonelt finansiert investeringane sine utan låneopptak. For å skaffe finansiering til investeringane som selskapet står overfor dei neste åra, har Avinor teke til å låne pengar i den private marknaden.

Våren 2008 gjorde Avinor ei avtale som gjev selskapet høve til å låne 2,0 milliardar kroner i den private marknaden. Avtala sikrar Avinor tilstrekkeleg likviditet ut 2009. Avinor tek vidare sikte på å ta opp

Tabell 6.2 Avinor-konsernet. Balanse og kontantstrøm. 2003–2008. Mill. kr

	2003	2004	2005	2006	2007	2008*
<i>Balanse</i>						
Bokført eigenkapital	6 814	7 012	7 372	7 480	9 120	9 285
Langsiktig renteberande gjeld	7 980	7 822	7 420	7 085	6 863	6 547
Bokført eigenkapital i prosent av summen av langsiktig renteberande gjeld og bokført eigenkapital	46	47	50	51	57	59
<i>Kontantstrøm</i>						
Kontantar og bankinnskot pr. 31.12	1 455	1 875	2 266	1 965	1 137	53

\* Ny rekneskapsstandard (IFRS) fom. 2008. Tala for 2008 kan ikkje direkte samanliknast med tidlegare tal.

langsiktige lån i obligasjonsmarknaden på rundt fire milliardar kroner dei neste åra. Det fyrste obligasjonslånet på 1,5 milliardar kroner vart teke opp i den norske marknaden i mai 2009.

I § 11 i vedtektene til Avinor har Samferdselsdepartementet sagt at Avinor ikkje kan låne meir enn at eigenkapitalen – målt i prosent av summen av eigenkapitalen og den langsiktig gjelda – held seg over 40 prosent. Ein regel om at lånegjelda ikkje kunne vere større enn 10,5 milliardar kroner, vart fjerna av Samferdselsdepartementet i ei ekstraordinær generalforsamling i august 2008. Tabell 6.2 viser eigenkapitalen i prosent av summen av eigenkapitalen og den langsiktig gjelda for perioden 2003–2008.

Som det er vist til tidlegare i meldinga, vil Avinor med dagens rammevilkår få utfordringar med å finansiere alle dei investeringane selskapet står overfor dei neste åra. Avinor har difor bede staten om å tilføre midlar til selskapet gjennom statleg kjøp på dei regionale lufthamnene (kapittel 3.4). Avinor har vidare bede staten om å la vere å trekke midlar ut frå selskapet gjennom utbyte dei neste åra (kapittel 6.4). Dette er tiltak som vil medverke til å redusere lånebehovet og auke eigenkapitalprosenten i Avinor.

I tillegg har Avinor bede om avdragsfritak på statslånet til Oslo Lufthavn AS og eventuelle statlege lån eller statlege garantiar. Dette er tiltak som påverkar kvar Avinor låner, det vil seie hjå staten eller i den private marknaden, men som i utgangspunktet ikkje påverkar den samla gjelda og eigenkapitalprosenten i selskapet.

#### *Vurderinga til Samferdselsdepartementet*

Samferdselsdepartementet vil vise til at eigenkapitalen i Avinor bør vere tilpassa måla, strategiane og risikoprofilen til selskapet.

Avinor har ansvaret for infrastruktur som er viktig for samfunnet. Vidare er det slik at talet på flypassasjerar og inntektene til Avinor varierer relativt mykje med den generelle økonomiske utviklinga i samfunnet. Eigenkapitalprosenten verkar også inn på kva lånevilkår selskapet kan oppnå i den private marknaden.

Avinor bør difor ha ein solid eigenkapitalbase. Kravet om at eigenkapitalen ikkje skal vere lågare enn 40 prosent av summen av eigenkapitalen og den langsiktig gjelda, er i denne samanhengen eit rimeleg krav som bør vidareførast.

Som ein del av tiltakspakka overfor Avinor, jf. kapittel 1.1, vil Regjeringa fremje ein proposisjon med framlegg om eit ekstraordinært tilskot til

Avinor på 150 millionar kroner i 2009 knytt til gjennomføring av særskilde tryggleikstiltak, jf. St.prp. nr. 91 (2008–2009). Det vil vidare ikkje bli trekt ut midlar frå Avinor i form av utbyte i 2009 for rekneskapsåret 2008. Ordinært utbyte i 2009 for rekneskapsåret 2008 etter den utbytemodellen som gjeld i dag, ville ha vore 367,7 millionar kroner. I samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2009 ligg det dessutan inne avdragsfritak tilsvarende 388,8 millionar kroner for 2009 på statslånet som finansierte Gardermoen-utbygginga, jf. St.prp. nr. 67 (2008–2009) og Innst. S. nr. 355 (2008–2009). Til saman vil desse tiltaka medverke til at Avinor kan investere meir utan å auke låna og utan at eigenkapitalprosenten blir svekt.

Samferdselsdepartementet viser elles til obligasjonslånet Avinor tok opp i mai 2009, og legg til grunn at det ikkje blir naudsynt med nye statlege lån eller statlege garantiar til Avinor i tida framover.

Utviklinga i flytrafikken og økonomien i Avinor er likevel usikker, og Samferdselsdepartementet vil følgje den finansielle stillinga for Avinor nøye i tida framover.

## **6.4 Utbytepolitikk**

Gjennom utbyte tek eigaren ut avkastning på den kapitalen som er skoten inn i selskapet. Sidan Avinor er eit statsaksjeselskap, er generalforsamlinga ikkje bunden av framlegg frå styret om utbyte. Staten må likevel følgje reglane i aksjelova om kva som er lovleg utbyte.

Tabell 6.3 viser utbytet frå Avinor til staten for perioden 2003–2008. I 2003, som var det fyrste året Avinor eksisterte, tok ikkje staten ut utbyte frå Avinor. Under Bondevik II-regjeringa vart det i 2004 innført ein modell der utbytet skulle utgjere ein fast del av den verdivurderte eigenkapitalen i selskapet med eit «tak» på 40 prosent av årsresultatet (overskotet etter skatt og finanspostar). Utbytet skulle takast frå morselskapet Avinor, dvs. Avinor utanom Oslo lufthamn, Gardermoen. Utbytet skulle reknast ut med utgangspunkt i rekneskapstala frå året før, jf. St.meld. nr. 36 (2003–2004) og Innst. S. nr. 262 (2003–2004). I perioden 2004–2006 vart utbytet avgrensa av det dåverande «utbytetaket».

Tabell 6.3 Utbyte frå Avinor. 2003–2008. Mill. kr

2003	2004	2005	2006	2007	2008
0	0	151	26	324	397

Frå og med 2007 vart «utbytetaket» heva til 75 prosent av overskotet, og heile konsernet vart inkludert i modellen, jf. St.prp. nr. 1 (2006–2007) og Budsjett-innst. nr. 13 (2006–2007). Det nye «utbytetaket» var ikkje avgrensande for utbytet korkje i 2007 eller 2008.

I § 10-planen har Avinor bede om at staten ikkje tek ut utbyte frå selskapet dei næraste åra.

#### *Vurderinga til Samferdselsdepartementet*

I utforminga av utbytepolitikken må staten ta fleire omsyn, jf. mellom anna St.meld. nr. 13 (2006–2007) og Innst. S. nr. 163 (2006–2007):

- *Insentiv til effektiv drift:* Det at eigaren tek ut utbyte, viser leiinga at eigenkapitalen ikkje er gratis og gjev insentiv til effektiv drift.
- *Langsiktige og føreseielege rammevilkår:* Utbytepolitikken bør normalt liggje fast over fleire år, men bør likevel vere fleksibel nok til å kunne endrast dersom situasjonen til selskapet blir vesentleg endra.
- *Tilpassa kapitalstruktur:* Utbytepolitikken skal medverke til at kapitalstrukturen er tilpassa måla, strategien og risikoprofilen til selskapet

Når det gjeld punktet om kapitalstruktur, er det for Avinor vedtektsfest at eigenkapitalen skal utgjere minst 40 prosent av summen av eigenkapitalen og den langsiktige gjelda.

Regjeringa legg elles til grunn at selskap som er pålagde å drive med bedriftsøkonomisk ulønnsame oppgåver, slik som Avinor, ikkje bør kompen-

serast for dette gjennom låge utbyte, men gjennom direkte eller indirekte kompensasjon, jf. også diskusjonen i kapittel 3.4 og 6.1.

Dei siste åra har vore ein god økonomisk periode for Avinor, og dagens utbytemodell har funnert rimeleg godt for selskapet i høve til dei måla som er nemnde ovanfor. Dei neste åra står Avinor overfor ein annleis situasjon med store investerings- og finansieringsutfordringar og sviktande inntekter. I denne situasjonen er det ein fare for at dagens utbytemodell blir for lite fleksibel.

Dei andre selskapa der Samferdselsdepartementet forvaltar den statlege eigarskapen, står overfor liknande problemstillingar. Ut frå ei samla vurdering har Samferdselsdepartementet difor kome fram til ein ny utbytemodell for desse selskapa. I den nye modellen skal forventa utbyte fastsetjast for ein lengre periode, typisk tre til fem år. Utbytet skal utgjere ein prosentsats av årsresultatet i konsernet etter skatt.

For Avinor legg Samferdselsdepartementet til grunn ei forventning om 50 prosent utbyte dei neste tre til fem åra. Utbytet skal fastsetjast kvart einskilt år. Det skal takast omsyn til dei spesielle utfordringane Avinor står overfor når utbytet skal fastsetjast dei næraste åra.

Den nye utbytemodellen gjeld frå og med 2010. Som ein del av tiltakspakka overfor Avinor, jf. kapittel 1.1, vil ikkje Samferdselsdepartementet ta ut utbyte frå Avinor i 2009 for rekneskapsåret 2008. Ordinært utbyte i 2009 for rekneskapsåret 2008 etter den utbytemodellen som gjeld i dag, ville ha vore 367,7 millionar kroner.

